



Møtebok – Kommunestyret

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	06.11.2023
Tid:	Kl. 18:00
Pause:	Kl. 21.54–21.57
Gruppemøte:	Kl. 20.37–21.17 Kl. 22.18–22.25

Følgande medlemmer møtte:	Parti
Anne Lise Økland	AP
Inger-Emilie Kvalvåg Panayiotou	AP
Kristian Haaland	AP
Linn Therese Erve	AP
Tatsiana Kozel	AP
Leif Tore Haukås	FRP
Ruth G. Østebøvik Eriksen	FRP
Vibeke Enerstvedt	FRP
André Mundal Haukås	H
Grethe Lier Alne	H
John Kristian Økland	H
Mikal Møller Hovda	H
Cato Sivertsen	INP
Jan Øyvind Gravdal	INP
Jarle Jacobsen	KRF
Sondre Natås Strand	KRF
Kjartan Moe Hustvedt	MDG
Arne Valen	SP
Monica Vandaskog Valen	SP
Olav Østebø Olsen	SV
Asle Georg Halleraker	TVF
John Anders Semb	TVF

Forfall:	Parti	Vara:	Parti
Rune Teikari	FRP	Belinda Teikari	FRP
Carl Enoksen	H	Lars Einar Hollund	H
Vidar Høyland	SP	Endre Hetlesæter	SP

Andre som møtte:
Helge Matre (ELR)


Før møtet blei sett blei det halde tre presentasjonar:

- E39 Bokn–Bømlafjorden v/Statens vegvesen – Henry Dammna og Unni Høivik
- Kulturminneplanen v/eining for samfunnsutvikling – Ellen Urheim Tveit
- Budsjettframlegg for 2024 v/rådmann Jostein Førre og økonomisjef Peter Olav Lura

Endring av saklista:	
Sak 132/23 blei behandla til sist, i lukka møte, jf.	
kompl. § 11-5 (3) a	
Endring i tal på medlemmer til stades:	
Ingen.	
Til å skriva under møteboka blei valde:	Parti
Linn Therese Erve	AP
Vibeke Enerstvedt	FRP
Til stades frå administrasjonen:	Tittel
Jostein Førre	Rådmann
Bjarte Stølås Storli	Politisk sekretær
Underskrifter:	Sign.:
André Mundal Haukås	<i>Digital signatur</i>
Linn Therese Erve	<i>Digital signatur</i>
Vibeke Enerstvedt	<i>Digital signatur</i>
Bjarte Stølås Storli	<i>Digital signatur</i>

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel
111/23	Godkjenning av innkalling og protokoll
112/23	Referat og meldingar
113/23	Orienteringar
114/23	Fartein Valen – Løypemelding om arbeidet i framtida
115/23	Framtidig organisering av brannvesen – Potensielt samarbeid med Haugesund brannvesen
116/23	Godkjenning av revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS og samarbeidsavtale for Haugalandrådet IPR
117/23	Godkjenning av selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS og samarbeidsavtale for Sunnhordlandrådet IPR
118/23	Heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune 2023
119/23	Kommunedelplan Sveio sentrum – Vedtak
120/23	Møteplan 2024
121/23	Nyskapande aktivitetanlegg – Veggen vidare
122/23	Planprogram – Bustadsosial handlingsplan
123/23	Rullert kommunedelplan for kulturmiljø til høyring
124/23	Ryvarden kulturfyr KF – Tertialrapport
125/23	Finansrapportering 2. tertial 2023
126/23	Tertialrapport pr. 31.08.23
127/23	Val av representantar til folkevalde og andre organ 2023–2027
128/23	Val av eldreråd 2023–2027
129/23	Val av råd for personar med nedsett funksjonsevne 2023–2027
130/23	Val til styret i Torger Torgersens legat
131/23	Val til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandrådet IPR 2023–2027
132/23	Nytt tiltak – <i>Unntatt offentlegheit</i>
133/23	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Planarbeid



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
111/23	Kommunestyret	06.11.2023

Godkjenning av innkalling og protokoll

Kommunestyret 06.11.2023:

KOM - 111/23 Vedtak

Innkalling dagsett 27. oktober 2023, samt tilleggsinnkalling dagsett 3. november 2023, blir godkjent.

Protokoll frå møte 2. oktober 2023 blir godkjent.



Saksbehandlar: Bjarne Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
112/23	Kommunestyret	06.11.2023

Referat og meldingar

Underliggende saker:

Saksnr.	Tittel
1	Regionsrådet for Haugalandet 21.09.2023 – Referat
2	Sunnhordlandsrådet 19.09.2023 – Referat
3	Haugalandsrådet – Møtedatoar 2024
4	Rettleiar – Saksbehandling i folkevalde organ
5	Sunnhordlandsrådet 27.10.2023 – Referat m.m.

Kommunestyret 06.11.2023:

KOM - 112/23 Vedtak

Referat og meldingar blir tatt til orientering.



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
113/23	Kommunestyret	06.11.2023

Orienteringar

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Rådmannen orienterte om status i større prosjekt:

- **Sveio brannstasjon:** Lagerbygg reist og tatt i bruk. Brannbilar og utstyr frå Haugaland brann og redning flytta over. Starta med riving av gammal brannstasjon. Bygningsdelar skal sorteras i fraksjoner. Oppstart for byggearbeid for ny brannstasjon i desember 2023. Ferdigstilling for heile prosjektet i desember 2024.
- **Førde brannstasjon:** Vurdering av alternativ for plassering pågår. Forhandling med aktuell grunneigar. Ein kjem tilbake med politisk sak og tilråding så snart det er mogleg.
- **Eikeland gravplass:** Tomt er utsprengd. Ferdigstilling i siste del av januar 2024, med atterhald om frost. Plen, beplanting og asfaltering kan ev. måtte ferdigstillast våren 2024.
- **Sveio barnehage:** Planlegging pågår. Engasjert konsulentfirmaet ABO for reguleringsarbeid.
- **Badeanlegg, inkl. trafikksikring ved Sveio skule og utskyting av tomt:** På vent til prosjektet "Nyskapande aktivitetsanlegg" er behandla.
- **Kommunehus – oppgradering/ombygging:** På vent. Kjem tilbake med politisk sak på nyåret 2024.
- **Trafikksikring:** Gatelys på Bjelland er ferdige.
- **Turvegprosjekt Auklandshamn:** Planlegging pågår, bl.a. meir detaljert vurdering av trasé og vurdering av regulering.
- **Vigdartun:** Montert ein radonbrønn. Undersøker effekt av denne. Flere radonbrønner og lydisolering av klasserom er send ut på anbud.
- **Solcellepanel på SOS:** Ferdig.

- **Vikse skule – tak og ventilasjonsanlegg:** Fått ny kalkyle. Manglar midlar til full finansiering. Er sett på pause, og økonomi blir behandla i investeringsbudsjett til økonomiplan 2024–2027.
- **Kyrkja – enøk:** Varmepumpe i Sveio kyrkje snart ferdig.
- **Habilitering – bustadar:** Planlegging pågår.
- **Skulehuset på Bua:** Avløpsledning og kum skifta, utført av eigne tilsette. Nytt reinseanlegg etablert. Starta med møter med barnehage og bygdelag for planlegging av resterande arbeid med huset.
- **Førde skule – uteområdet:** Nesten ferdigstilt.
- **Forevatnet reservevatn:** Konesjonssøknad sendt til NVE. Avventar behandling her. Området med nytt bygg må regulerast. Resten av 2023 og første halvdel av 2024 vil gå til arbeid med konsesjon, regulering og utsleppssøknad. Mål om utsending av anbod i 2024.
- **Fjon vassledning:** Anlegget er ferdig.

Rådmannen orienterte om overgangen til IKT Nordhordland:

Sveio kommune har i tråd med vedtak i sak KOM-060/23 starta overgang til IKT-drift gjennom oppgåvefellesskapet IKT Nordhordland (IKTNH).

Omlegginga er omfattande og har vore planlagd frå juni og utover hausten. Ei slik omlegging er teknisk komplisert og innbefattar mange fagsystem/løysingar. Det har vore planlagt for å avgrensa konsekvensen for brukarane mest mogleg, men me har samstundes vore klar over at det vil gå ut over IKT-tenestenivået i ein periode, og at ikkje-planlagde hendingar vil oppstå i ei slik omfattande overgang.

Hovudomlegginga starta fredag 20. oktober om ettermiddagen og gjekk ut veke 43. I denne omlegginga har ein lagd om brukarar, program, nettverk, kopimaskinar og datamaskinar. IKT-tenestene har med desse ulike omleggingane vore påverka i ulik grad for brukarane.

Når det gjeld fagsystem er nokon av dei største flytta over til IKT Nordhordland eller som skyteneste (Acos Websak og Møte). Me vil arbeida vidare med å flytta fleire system i tida framover.

I omleggingsperioden har det vore fleire teknisk personell frå IKTNH til stades på plassen og det har vore oppretta eigne teamskanalar for informasjonsdeling. Det har vore to ressurspersonar som har følgd opp brukarar lokalt, i tillegg til brukarhjelpa. Lokale tilsette, som f.eks. digitaliseringsrådgivar og driftsoperatørar har bidratt i arbeid.

I perioden er det løyst 323 innmelde saker til brukarhjelpa og status i dag er at det er 58 opne saker. Mange av dei opne sakene omhandlar same hending i omlegginga. Innmelde saker blir i systemet til dei er løyste eller avslutta.

Eit sentralt arbeidsreiskap er e-post og kalender. Desse løysingane har me drifta av Microsoft (sky). I omlegginga måtte me flytta «koplinga» til IKTNH. Dette blei sett i gang 20. oktober og var venta og ta nokon døgn ut frå IKTNH si tidlegare erfaring og tida Sveio kommune brukte å flytta frå lokal drift til sky noko tilbake i tid. Sjølve flyttinga skjer i Microsoft sitt driftsmiljø i Europa og er utanfor vår direkte kontroll. Denne flyttinga har tatt lengre tid enn kva me føresåg. Brukarane har i perioden hatt tilgang til e-post og kalender, men det har i ulik grad tatt tid å få historikken tilbake inn i postboksen. Framdrifta har gått etter køprinsipp og tildelt flyttekapasitet. I dag har dei fleste fått tilbake historikken.

Tilsetta i Sveio kommune og i IKTNH har stått på for å få ei så bra overgang som mogleg. Servicegraden og fokus til IKTNH har vore opplevd bra i omlegginga.

Me ser no fram til å fokusera meir på digitalisering og nye moglegheiter som samarbeidet gir oss framover.

Nokon usikra tal:

- Brukarar: 750 + elevar
- Program: 160 (tidlegare telling) – lokalt installerte større program ligg på mellom 50–100
- Nettverk: 150 trådlause sendare + X antall switchar på kvar lokasjon, samt brannmurar, fiber, leide linjer etc.
- Kopimaskinar: Ca. 20

Datamaskiner er tanka (sett opp på nytt med operativsystem og eit spesifikt oppsett tilpassa nytt driftsmiljø).

Etter framlegg frå Lars Einar Hollund (H) bad kommunestyret rådmannen leggja fram ein rapport som gjer greie for følgjande spørsmål:

- Korleis var migreringa organisert?
- Kva kompetanse hadde prosjektet å støtta seg til?
- Blei det gjennomført ein pilot (test) av migrering av kommunen sine system til ny plattform, for å identifisera problemkjelder?
- Ble piloten testa opp mot brukarar for å sjå om dei fekk tilgang til dei nye systema etter at pilotmigrering var gjennomført?
- Blei det avtalt ein tidsfrist fo kor lenge migreringa skulle ta, og kor lenge systema var utilgjengelege for brukarane?
- Blei det avtalt nokon form for tilbakeføring ("roll-back") til gamle system, dersom tidsfrist ikkje blei halde?
- Ligg det føre ein migreringsplan og -strategi som var godkjent av rådmannen?
- Korleis gjekk migreringa av dei enkelte systema og når hadde brukarane 100 % tilgang til sine system på ny plattform?
- Har alle brukarane fått tilgang til alle sine data etter migreringa?
- Blei det vurdert gradvis migrering framfor "big bang"?

KOM - 113/23 Vedtak

Informasjon gitt blir tatt til orientering.



Saksbehandlar: Elisabeth Nygaard

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/23	Hovudutval oppvekst/kultur	16.10.2023
120/23	Formannskapet	23.10.2023
114/23	Kommunestyret	06.11.2023

Fartein Valen – Løypemelding om arbeidet i framtida

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar løypemeldinga til orientering.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

På spørsmål frå Kjartan M. Hustvedt (MDG) om status for statua av Fartein Valen, viste rådmannen først til at spørsmål må sendast på førehand, jf. reglementet for folkevalde organ. Med atterhald om at rådmannen ikkje har henta inn oppdatert informasjon, viste rådmannen til at siste avtale med kunstnaren er at hovudet til statua skal inkorporerast i ein ny installasjon ved Fartein Valen-heimen. Sjelve statua står no på kommunalt lager.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 114/23 Vedtak

Kommunestyret tar løypemeldinga til orientering.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som hovudutval oppvekst/kultur si tilråding.

FOR - 120/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tar løypemeldinga til orientering.

Hovudutval oppvekst/kultur 16.10.2023:

Behandling:

På spørsmål frå John Kr. Økland (H) orienterte kommunalsjef nærmare om organiseringa av Fartein Valen-arbeidet.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

HOK - 037/23 Vedtak

Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:

Kommunestyret tar løypemeldinga til orientering.

Saksutgreiing

Samandrag og bakgrunn for saka

Fartein Valen-arbeidet byggjer på engasjement frå eigar av heimen etter komponisten og den nasjonale Fartein Valen-stiftelsen. Saman med stiftinga leiar Sveio kommune arbeidet med Fartein Valen festivalen. Haugesund kommune yter eit fast tilskot til festivalen og opnar med det høve til å søkje Rogaland fylkeskommune om tilskot til denne. Ei slik organisering inneber at fleire sjølvstendige partar skal samarbeide. Fordelen er at ein sikrar fleire deltakarar i arbeidet, men det er og slik at avgjerdsmynde vert delt opp i mange ledd. Denne oppdelte organisasjonsforma vil kunne hemma utviklinga samla sett.

Royalty frå utgjeving og framføring av Valen sin musikk var forvalta av Fartein Valen-stiftelsen. Tonoavgift er avhengig av kor mykje musikken blei spilt og kor eigarane disponerte midla i første omgang, men da som blei «delt» med stiftelsen. Desse inntektene blei borte i 2022, då det var 70 år sidan Fartein Valen døydde og eignedomsretten til andsverk falt vekk.

Desse elementa tilseier at me bør få til ei avklaring av kva som vil vere ei høveleg organisering av Fartein Valen-arbeidet i framtida. Rådmannen ser det som viktig å utvikle arbeidet i Sveio, og Fartein Valen-festivalen vidare som eit regionalt tiltak. Når ein planlegg dei neste åra, vert det viktig å finne fram til ein føreseieleg økonomi og berekraftig form på arbeidet.

Saks- og faktaopplysningar

Både hovudutvalet, formannskapet og kommunestyret har ved fleire høve handsama saker knytt til arbeidet med arven etter komponisten Fartein Valen og formidling av den unike musikken han let etter seg. Denne saka er meint å gje kommunestyret ein statusrapport for arbeidet så langt og nokre tankar om kva som kan vere aktuelle tiltak for å utvikle arbeidet vidare. Arbeidet knytt til komponisten her lokalt tek utgangspunkt i komponistheimen etter Fartein Valen. Huset er i privat eige og er blant dei fem kunstnarheimane som høyrer til det tidlegare Hordaland fylke.

Fartein Valen vart fødd i Stavanger 1887. Hans internasjonale gjennombrøt kom i København 1947 med Sonetto di Michelangelo og i Amsterdam 1948 Fiolinkonserten. Med dette plasserte han norsk musikk inn i sentrum av det som var felleseige i Europa. Musikken hans vekte stor merksemd etter krigen. Komponisten si rolle er nemnd som banebrytar i norsk musikkhistorie og Fartein Valen blei ein del av musikkhistoria. Fartein Valen budde og arbeidde fast i Valevåg 1938-1952 etter å ha fått kunstnarløn frå staten. Komponisten blei gravlagd på staten sin kostnad i Valevåg 21.desember 1952.

OVERSIKT, -FARTEIN VALEN-ARBEIDET, per 30.september 2023

ULIKE AKTØRAR

Komponistheimen i Valevåg er heimen etter komponisten Fartein Valen. Heimen består av ein privat del og ein museumsdel. Huset er bevart slik det var då komponisten budde her i museumsdelen. Bueininga er renovert tidstypisk men fekk for fleire år sidan ei oppgradering til moderne krav. Familien etter komponisten rår over eigedomen.

- a. Det er underteikna ei leige- og bruksavtale for huset med Sveio kommune. Denne avtalen sikrar offentleg tilgjenge, og kommunen sitt FV arbeid kan ha ulike arrangement i huset. Familien er avtalepartner, og bruksavtalen inneheld og eit tilskot til vaktmeistertenestar og faste utgifter.
- b. Huset er del av Kulturminneplanen til Sveio kommune.
- c. Familien ynskjer å auke talet på ulike arrangement og tilbod om varierte aktivitetar i eit årshjul som i eit kulturhus.
- d. Komponistheimen vil og i framtida kunne vere ein sjølvstendig eining i arbeidet som blir drive av Fartein Valen Musikk- og Kulturscene. Avtalen mellom partane må omhandle praktisk organisering av bruk og overnatting i komponistheimen når grupper/enkelpersonar ynskjer opphald i anlegget.

Fartein Valen-stiftelsen (3*)** er ein ideell stifting registrert i Brønnøysundregisteret og Frivilligregisteret. Stiftinga er arvtakar etter Fartein Valen-selskapet som arbeider for at musikken til Fartein Valen skal spelast og ha ei viktig rolle i det nasjonale musikklivet. Stiftinga som består av 8 medlemmar har vedtekter for arbeidet. Sjå under pkt.3, og vedlegg om vedtekter for stiftinga om val av medlemmar og funksjon.

Valenheimen kulturscene (1*) er ein frivillig komité. Kulturscenen driv aktivitet for å få til fleire arrangement og gjere heimen meir tilgjengeleg for publikum heile året.

Vigdartun kultursenter, Eining for kultur har stilling for rådgjevar/sakshandsamar for drift og utvikling av Fartein Valen-arbeidet og festivalen. 60% fagstilling blei etablert i 1994. Det blir stilt krav om at den som tiltrer i stillinga har musikalsk og akademisk kunnskap om komponisten Fartein Valen. Stillinga inneber oppgåver som å arrangere festival, søknad og rapportering på tilskot til både festival, satelittkonsertar og anna kulturarbeid med Fartein Valen som merkevare og fagleg innhald. Rådgjevar har vore bindeledd og sekretær for

stiftinga, frå idé til handling og det er av betydning at rådgjevar har repertoarkunnskap og eit nettverk av musikarar og fagpersonar innan musikk. Sveio kommune dekkjer med stillinga administrasjonskostnadane for arbeidet kring komponisten Fartein Valen sitt liv og musikken hans. Einingsleiar for Vigdartun Kultursenter med fleire av dei tilsette har vore med i arbeidet kring arrangementet rundt festivalane tilsvarande med omlag 10% stilling i løpet av eit år.

INSTRUMENT OG UTSTYR

Det er erverva eit kisteorgel, eit flygel og eit studio til bruk i arbeidet med Fartein Valen. Fartein Valen-studio i Valestrand kulturkyrkje blei etablert som eit prosjektstudio for dokumentasjonsopptak av konsertar og verktøy for tidleg fase av eit innspelingsprosjekt. Studioet i første rekke blitt nytta til dokumentasjonsopptak. Fartein Valen-arbeidet spela ei viktig rolle for å få på plass flygel i Valestrand kulturkyrkje og eit transportabelt kisteorgel til fleire arenaer. Det er i hovudsak Sveio kyrkje og Valestrand kulturkyrkje som vert nytta til konsertar.

EKSTERNE OG INTERNE SAMARBEIDSPARTAR OG TILSKOTSGJEVARAR

Vestland-, Hordaland- og Rogaland Fylkeskommunar, Haugesund kommune, Norsk kulturråd, Kulturdepartementet og ulike legat og stiftingar som Lindemanns, Bergens- og Rafto stiftelsen, Kavli-Fondet og Eckboss legat. Vidare samarbeida kommunen med kyrkja i Sveio og i Valestrand.

For meir om Fartein Valen-arbeidet sjå arkivsak 20/1338 Status Fartein Valen-arbeidet.

FARTEIN VALEN-ARBEIDET I FRAMTIDA, EI BEREKRAFTIG DRIFT

Arbeidet gir musikken til Fartein Valen ein arena via ulike arrangement, der dei viktigaste utadretta tiltaka har vore Fartein Valen-festivalen og satellittkonsertane til denne. For å sikra eit berekraftig grunnlag for vidare drift av arbeidet må det utarbeidast ein plan både for det musiske, -komponisten og aktiviteter knytt til musikken, og vidare livet og heimstaden til Fartein Valen. Planen skal sikre det faglege innhaldet og profileringa av Fartein Valen som komponist i samhandling med familie etter komponisten og Fartein Valen-stiftelsen. Det er og eit mål å sikra eit fagleg grunnlag der utdanningsinstitusjonar tar del. Planen bør gje ein tydeleg oversikt over forslag til tiltak, rolle- og ansvarsdeling, i og mellom dei ulike interessegruppene. Ein bør involvere både lokale og regionale interesserte partar, og sjå nærare på samarbeid mellom eigarane av Valenheim, Sveio- og Haugesund kommunar og undervisningssektoren. Samtalane om styrking av Valen-arbeidet har involvert både politisk og administrativ leiing i begge kommunar samt Stiftinga.

Det blei gjennomført eit samrådsmøte med Haugesund kommune mai 2023. Mål for møtet var å drøfte og konkretisere moglege samarbeidsområder innan Fartein Valen-arbeidet. Eit samarbeid for å sikre eit organisatorisk og økonomisk fundament for eit sterkt og heilskapeleg arbeid med formidling av kunnskap om, og oppleving av Fartein Valen sin musikk og Fartein Valen som komponist og menneske.

Det blei drøfta ordningar som kunne finansierer drifta av Fartein Valen-festivalen og Fartein Valen Musikk- og kulturscene med tilhøyrande aktivitetar i eit samarbeid mellom Sveio kommune, Fartein Valen-Stiftelsen, Fylkeskommunen og kommunane på Haugalandet, og sikra at arbeidet med Fartein Valen gjev politiske ringverknader for Valestrand, Sveio og regionen mellom Boknafjorden og Bjørnafjorden

Med bakgrunn i møtet i mai 2023, blei det gjennomført eit samrådsmøte med ulike aktørar, i Haugesund Rådhus, fredag den 1.september 2023. Tilstade i møtet var Simon Næsse, direktør Kultur, idrett og frivillighet, Camilla Schøyen, kulturskulerektor og Randi Lofthus, leiar kultur i Haugesund kommune. Mathias Susort Halvorsen, Podiumfestivalen (2**), Bernhard Gismervik, Munor, Erling Brathole, Skeisvang vgs og Andreas Meland, Sildajazz/Haugesund folkebibliotek. Frå Sveio kommune

stilte Jostein Førre, Rådmann, Pål Jøsok, kulturskulerektor og leiar kultur, Elisabeth Nygaard, kommunalsjef oppvekst og kultur og Ole Jørgen Furdal, FV-arbeidet. Frå stiftinga stilte leiar Gunnar Johan Løvvik og Arne-Christian Mohn og Linn Therese Erve som medlem frå stiftinga. Fartein Valen Seinstad hadde ikkje moglegheit til å delta. Petter Steen frå Sveio kommune leia møtet med følgande dagsorden;

1. Historisk bakgrunn:
 - a. Samarbeid Haugesund-Sveio; Komponistheimen i Valevåg; Fartein Valen-stiftelsen; Festivalen
 - b. Rollefordeling Fartein Valen-arbeidet korleis det er bygd
2. Skrivestue i Valenheimen
3. Kulturskulane og utdanningsinstitusjonane i regionen
 - a. samarbeid mellom fleire kommunar – korleis
4. Lokalt arkiv – digitalt eller fysisk

1*Valenheimen kulturscene er ein komité bestående eigaren av huset, to representantar frå Sveio kommune og 2-4 lokale ressurspersonar frå kulturfeltet. Komiteen set saman og gjennomfører haust og vårprogrammet i Valenheimen, og føremålet er ta vare på og formidle arven etter Fartein Valen, samtidig som eit uttalt mål er å gjere terskelen for å oppleve kultur lågare. Valenheimen kulturscene ønsker å vise at kultur er for alle, og at alle fortener kultur. Føremålet. Valenheimen kulturscene har som føremål å ta vare på, formidla og aktualisera kulturarven etter komponisten Fartein Valen. Valenheimen kulturscene har facebookside, som blir nytta til å promotere arrangement i kulturscena sin regi. Aktivitetar som FV kulturscene inviterar til har vore «Bok og bolle» m/musikk kor målgruppa er familiar, vidare bokbad med ulike forfattarar og «Kunsten å lytte lydløst» i samarbeid med Sveio Folkebibliotek, "Regndropeborna og andre dyr" ein familiekonsert med Sigrid Moldestad og Regndropebandet i samarbeid med Valestrand kulturkyrkje, Morskap – samtale, lesing og musikk ved Agnes Ravatn, Randi Fuglehaug, Annlaug Børshem og samtaleleiar Janne Karin Støylen frå Rom for ord, med streaming.

2**PODIUM er en internasjonal kammermusikkfestival som arrangeres årlig i Haugesund i midten av juni. Gjennom intime og uformelle konserter presenterer PODIUM et bredt program med alt fra tidlig musikk og romantikk til ny musikk. Tråden i programmet er musikerenes spillelede og lyst til å utforske stadig nye musikalske uttrykk i samspill med hverandre. PODIUM ble stiftet i 2008 av Guro Pettersen og Mathias Susaas. Festivalen mottok i 2019 støtte fra Norsk Kulturråd, Haugesund Kultur - og Festivalutvikling, Rogaland Fylkeskommune samt Clarion Hotell Amanda og flere spisesteder i Haugesund. Kunstneriske ledere er Nikolai Matthews og Mathias Susaas Halvorsen.

3*** Fartein Valen-selskapet blei danna i 1947 og hadde ansvar for at musikken til Fartein Valen blei framført og gjeven ut. Dei gav og støtte til muskarar som laga innspelningar av musikken hans. Fartein Valen-dagane vart etablert i 1982 av Ivar Folgerø og Gunnar Johan Løvvik etter avtale med dåverande eigar av komponistheimen, Magne Valen-Sendstad (far til noverande eigar). Sveio kommune stilte kyrkjene til disposisjon som konsertarenaer og ein fekk avtale med etterkomarane av komponisten om å nytte komponistheimen i festivalen. Komiteen for Fartein Valen-dagane blei sett saman av folk frå Haugesund og Sveio-kommunar i tillegg til familien etter komponisten og Fartein Valen-selskapet. I denne perioden hadde Haugesund kommune ei leiande rolle i Fartein Valen-arbeidet, men hadde eit tett samarbeid med Sveio kommune. Dette leidde fram til at Fartein Valen-selskapet la ned si verksemd og overførte dei formelle rettane til Fartein Valen-stiftelsen som blei stifta i 2002. I dei siste åra har Sveio kommune overteke den leiande rolla.

§ 4. Styret

1. Styret skal ha inntil 8 medlemmer med personlige varamedlemmer.
2. Styrets medlemmer velges av stiftelsen for fire år, men med delt funksjonstid hvert annet år. Deretter er samtlige i sine perioder på valg etter 4 år. Stiftelsens sekretær og festivalsjef møter i styret med forslag og talerett.
3. Ved senere styrevalg foreslår følgende kommuner og institusjoner kandidater til stiftelsens styre:—fra Haugesund og Sveio: Hver sin politisk oppnevnte kandidat med personlig varamedlem—fra musikkmiljøet i Haugesund og Sveio/ Munor: en kandidat med personlig varamedlem—fra musikkmiljøene i Stavanger, Rogaland fylke og Bergen, Hordaland fylke; hver sin kandidat med personlig varamedlem—en kandidat med personlig varamedlem fra Institutt for musikkvitenskap ved Universitetet i Oslo og Norges musikkhøgskole.

Fartein Valen-stiftelsens styre foreslår en kandidat med personlig varamedlem fra forvaltere av arven etter Fartein Valen og eiere av Valenheimen: en kandidat med personlig varamedlem.

Innkome merknadar / Uttale frå partar

Sjå vedlegg og omtala samarbeidsmøter som har vore avvikla

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

ØKONOMI I FARTEIN VALEN-ARBEIDET

Offentlege rammetilskot er eit viktig fundament. Det er ein realitet at formidlinga av Fartein Valen sin musikalske arv krev eksterne midlar. Føreseielege rammer over fleire år kan vere mogleg og det kan søkjast staten dersom ein har tilsvarande avtalar med kommune og fylke. Dette gjeld grunnfinansieringa av arbeidet som dreier seg om å sikre eit engasjement for komponisten Fartein Valen.

Per no er drifta tufta på overføring frå fylket med 316 000,- kroner i 2023 og det er søkt om 350 000,- kroner i 2024. Driftstilskotet blir søkt om kvart år. Overføring frå fylket går i sin heilskap til festival og administrasjon. Når det ikkje er festival, blir tilsvarande sum brukt til satellittkonsertar eller andre aktivitetar innan fagområdet.

Grunnfinansieringa som Sveio kommune yter, er ein føresetnad for fylkeskommunale og statlege tilskot. Sveio Kommune sine netto utgifter/eigenkapital er på omlag 460 000 kroner årleg, medan Haugesund kommune støttar festivalen med 50 000,- kroner. Dei «faste» kostnadane for kommune utgjør omlag 783 000,- kroner. Lønnsutgifter i budsjett 2023 er totalt på 509 977,- kroner til rådgjevarstilling. Kommunalt bidrag til Valenheimen er på 81 000,- kroner. Vidare er det budsjettet med et driftsbudsjett 42 000,- kroner. Kommunen overfører midlar til Festivalen på 150 000,- kroner. Rapportering på tilskot og den kommunale rekneskapen blir ivareteken av rådgjevar, og arbeid med rekneskap for stiftinga/festivalen er det Tveit rekneskapsbyrå som utfører. Revisjon blir utført av DeLoite.

Beredskap

Ikke aktuelt

Vurdering

Forslag til organisering – Fartein Valen administrasjon

Einingsleiar for kultur (kultursjef i Sveio kommune) sikrar drift i det vidare arbeid med kulturarrangement satelittkonsertar for alle aldersgrupper frå barnehage til skule, og vaksne. Administrasjonen i Sveio kommune kan leia ei av gruppene vist til i neste avsnitt. Samarbeidspartnarar kan vere Podium, Einingar innan kultur i Haugesund kommune som KIF-Haugesund, Folkebibliotek og Kulturskule. Vidare Skeisvang vidaregåande i Haugesund, Valestrand kulturkyrkje, Valenheimen, MUNOR og Valenheimen Kulturscene og Einar Økland-huset.

Arbeids- og interessegrupper

Det blir sett ned ei eller to arbeidsgrupper/foreiningar/stiftingar kor ein har fokus på ulike målgruppe, ein med festival og satelittkonsertar som hovudarbeidsoppgåve og fokus, og ei gruppe for kulturarrangement satelittkonsertar for alle aldersgrupper frå barnehage til skule, og vaksne. Podium festivalen kan vere ein av samarbeidspartnarar for stiftinga saman med allereie nemnde Valenheimen, MUNOR, KIF-Haugesund, Valestrand kulturkyrkje, Valenheimen Kulturscene og Einar Økland-huset. Det må bli sett ned ei arbeidsgruppe for å finne ut om dette kan vere ei berekraftig løysing.

Valenheimen kulturscene

Det vil vera naturleg å tenke seg at drifta av **Valenheimen kulturscene** blir invitert inn til å vere ein del av gruppa som vil arbeide med aldersgruppa 0-100 år. Det må gjennomførast samtalar med medlemmane i kulturscenen for å undersøke dei ulike moglegheitene.

Podiumfestivalen* får tilskot frå Haugesund og Sveio kommunar kvart år slik at dei kan sikra drift i det vidare arbeid med festival og satelittkonsertar.

Ein plan for arbeidet kan innehalde desse elementa og arbeidet blir delt mellom dei føreslåtte to grupper med skilje kammermusikk, og andre konsertar /arrangement

- Arbeidsopphald for musikarar; grupper og/eller enkeltpersonar
- Konsertar under festivalen og satelittar til denne
- Studieopphald forskarar
- Tilgang til arkiv for kjeldegransking
- Prosjektutvikling ved Dagleg leiar eller kunstnarleg råd
- Gjesteopphald med overnatting i komponistheimen
- Pedagogiske tiltak for skuleelevar
- Føredrag og presentasjonar, og seminar innan ulike fagfelt
- Utleige til interesserte brukarar
- Fagsamlingar for UiS og UiB

Tidfesta framdriftsplan for etablering av samarbeid og utforme aktivitetar som foreslått over

Det har i etterkant av 1.september vore samtalar mellom Haugesund og Sveio kommunar, og mellom Stiftinga og Podiumfestivalen. Rådmannen i Sveio har hatt uformell samtale med Fartein Valen Seinstad. Det er vidare teke initiativ til eit møte mellom kommunane og Podiumfestivalen. Podiumfestivalen har eit ønskje om å arrangere konsert kor Fartein Valen blir framført allereie i juni 2024. Mathias Susaas Halvorsen er invitert inn til samtale med kommunane 21.oktober, og det er vidare planlagt eit besøk i Fartein Valen heimen tidleg 2024.

Rådmannen sin konklusjon

Sjå forslag til vedtak

Vedlegg:

FARTEIN VALEN-LYDSTUDIO

Historisk bakgrunn FV-arbeidet

Valenheimen kulturscene (1)

Vedl. 1. Invitasjon møte om vidareutvikling Fartein Valen-arbeidet i eit samarbeid mellom Sveio og Haugesund kommunar

VEDTEKTER FOR FARTEIN VALEN-STIFTELSEN, VEDTATT 1.SEPTEMBER 2016



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
134/23	Formannskapet	23.10.2023
115/23	Kommunestyret	06.11.2023

Framtidig organisering av brannvesen – Potensielt samarbeid med Haugesund brannvesen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommune melder seg ut av Haugaland brann og redning IKS. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å senda formell utmelding til Haugaland brann og redning IKS så snart forholda ligg til rette for det.
2. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å inngå avtale med Haugesund kommune om samarbeid med Haugesund brannvesen innanfor rammene av saka. Ny organisering skal vera på plass så raskt som det er føremålstenleg.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

På spørsmål frå Sondre N. Strand (KrF) om rehabilitering av Førde brannstasjon sett opp mot vedtaket i sak KOM-044/18 om nybygg, viste rådmannen først til at spørsmål må sendast inn på førehand, jf. reglementet for folkevalde organ. Rådmannen viste deretter til at ein jobbar ut frå vedtaket om å bygga ny brannstasjon.

Ordførar bad om ei nærmare utgreiing frå rådmannen i dette spørsmålet til førstkommende formannskap, 13. november.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 115/23 Vedtak

1. Sveio kommune melder seg ut av Haugaland brann og redning IKS. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å senda formell utmelding til Haugaland brann og redning IKS så snart forholda ligg til rette for det.
2. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å inngå avtale med Haugesund kommune om samarbeid med Haugesund brannvesen innanfor rammene av saka. Ny organisering skal vera på plass så raskt som det er føremålstenleg.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

På spørsmål frå Monica V. Valen (Sp) viste rådmannen til at avtalen med Haugesund er utforma slik at Sveio kommune sjølv vil finansiera eigne bilar, brannstasjonar i kommunen, eige tyngre utstyr og lønnskostnadar til lokale mannskap, mens lønnskostnadar til administrative stillingar blir fordelt etter folketal.

På spørsmål frå Jarle Jacobsen om saka skulle ha blitt behandla i hovudutval teknisk/næring, viste rådmannen til at gangen tidlegare i saka har vore behandling i høvesvis formannskap og kommunestyre.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

FOR - 134/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Sveio kommune melder seg ut av Haugaland brann og redning IKS. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å senda formell utmelding til Haugaland brann og redning IKS så snart forholda ligg til rette for det.
2. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å inngå avtale med Haugesund kommune om samarbeid med Haugesund brannvesen innanfor rammene av saka. Ny organisering skal vera på plass så raskt som det er føremålstenleg.

Saksutgreiing

Samandrag

Saka her er ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i juni i sak om framtidig organisering av brann- og redningsvesen. Kommunestyret bad rådmannen avklara om det er mogleg å inngå eit brannsamarbeid med Haugesund kommune, og korleis det eventuelt kan organiserast.

Haugesund er positive til eit samarbeid, og mange spørsmål rundt organisering er avklart. Det er mogleg å få til ei ordning kor Haugesund har personalansvar, og Sveio sjølv dekkar kostnader for drift, samt investeringar i lokale brannstasjonar. Beredskapsnivået kan oppretthaldast på same nivå som i dag.

Kostnadsnivået på kort sikt for kommunen blir truleg noko lågare ved å gå ut av Haugaland brann og redning, og Sveio vil kunna få større moglegheit til påverknad i eit samarbeid med berre éin annan part.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret fatta i møte 12. juni 2023 følgande vedtak i sak KOM-048/23 Framtidig organisering av brann- og redningsvesen:

1. Rådmannen går i dialog med Haugesund kommune for å avklare om det er aktuelt å samarbeide om brann- og redningstenester, korleis dette kan organiserast og forventa kostnad for Sveio kommune.
2. Kommunestyret ber om sak på desse avklaringane til neste møteserie.

Sjølve sakspapiret til sak KOM-048/23 ligg ved saka her, for enkelheits skuld.

I det følgande blir omgrepa «Haugesund brannvesen», «Haugesund kommune» og «Haugesund» brukt om ein annan, men ein siktar altså til brann- og redningsvesenet til Haugesund kommune.

Saks- og faktaopplysningar

Rådmannen viser i det store og heile til sak KOM-048/23. Konkrete element som er relevante for å svara ut kommunestyret si bestilling av 12. juni vil bli behandla i det følgande.

Organiseringa i eit potensielt samarbeid med Haugesund brannvesen vil vera som følger:

- Alle brannmannskap og leiarfunksjonar vil vera tilsette i Haugesund brannvesen, og Haugesund vil ha det heile og fulle personalansvar.
- Sveio kommune eig brannstasjonane i Sveio kommune og står for og dekkar kostnadane til det bygningsmessige vedlikehaldet. Eventuelle ombyggingar eller utvidingar blir finansiert av Sveio kommune.
- Sveio kommune anskaffar og eig alle bilar og utstyr som naturleg høyrer til i kommunen og som etter gjeldande regelverk skal bokførast i investeringsrekneskapen. Haugesund brannvesen har ansvar for å gjennomføra alt vedlikehald av bilar og utstyr tilhøyrande Sveio – kostnaden for dette inngår i Sveio kommune sin faste kompensasjon til Haugesund kommune.
- Haugesund brannvesen står for vedlikehald, utskifting og anskaffing av anna utstyr. Kostnaden for dette blir fordelt kommunane imellom.
- Haugesund brannvesen har eit overordna ansvar for den faglege opplæringa av mannskapane i tråd med regelverket som regulerer brann- og redningsvesen.
- Årsplanar for øvingar i Sveio kommune blir utarbeidd i samarbeid med Haugesund brannvesen.
- Haugesund brannvesen sørger for brannvakt (overordna vakt), som blir som i dag med lokalt tilsette frå Sveio.

- Haugesund brannvesen sørger for bannførebyggande arbeid, inkl. feiarordning.

Ovannemnde er basert på forhandlingar med Haugesund kommune, og rådmannen tar atterhald om at mindre endringar kan skje dersom Sveio kommune vel å gå inn i eit samarbeid med Haugesund – ein endeleg avtale kan først stadfestast etter eit vedtak i kommunestyret.


Innkome merknadar / Uttale frå partar

Som nemnd i sak KOM-048/23 har Haugesund brannvesen i tidlegare dialog med Sveio kommune stadfesta at dei er positive til eit samarbeid. Dette er stadfesta på nytt i fleire møte med Haugesund brannvesen i etterkant av kommunestyret sitt vedtak av 12. juni.

Konsekvensar

Rådmannen vil igjen understreka at ein ønsker å oppretthalda dagens beredskapsnivå og kvalitet på brann- og redningstenesta, og at dette ligg som eit grunnpremiss for eit eventuelt samarbeid med Haugesund brannvesen. Dialog med Haugesund stadfestar at dette er realistisk å få til ved eit eventuelt samarbeid.

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Drift

Dialog med Haugesund brannvesen i etterkant av kommunestyret sitt vedtak av 12. juni, stadfestar i all hovudsak informasjonen som blei lagd fram i sak KOM-048/23.

Årleg kostnad for Sveio kommune i eit samarbeid med Haugesund brannvesen – ekskl. investeringar – vil bli ca. **5,9 millionar kroner**, med utgangspunkt i 2023. Dette er ein reduksjon på 50 000 kroner samanlikna med juni. Summen vil måtta justerast årleg i tråd med lønns- og prisvekst.

Ovannemnde sum vil gå til å dekkja kostnadar til drift av stasjonar, lønn og godtgjering til dei brannmannskapane som høyrer til i Sveio kommune, samt ein forholdsmessig andel av kostnadane til følgande leiarfunksjonar som allereie finst i Haugesund brannvesen, og som eit samarbeid ikkje medfører behov for utviding av:

- Brannsjef
- Leiar for førebyggande arbeid
- Leiar for beredskap

Investeringar

Kostnadar ved eit samarbeid med Haugesund – som kjem i tillegg til dei ovannemnde 5,95 mill. – er som følger (for detaljar, sjå sak KOM-048/23):

- Rehabilitering av Førde brannstasjon og bygging av ny Sveio brannstasjon: Ca. **kr 750 000,-** pr. år i netto kapitalkostnader.
- (Eller, dersom det òg må byggast nytt i Førde: Ca. **kr 1 250 000,-** pr. år i netto kapitalkostnader.)
- Nye bilar: I gjennomsnitt ca. **kr 564 500,-** pr. år i netto kapitalkostnader dei neste fire åra.

Til saman kr **1 314 500,-** pr. år, eller med nybygg i Førde: Kr **1 814 500,-** pr. år.

Når det gjeld kostnader med brannstasjonsbygg, er dette eit område kor ein kan samanlikna Sveio kommune sine kostnader innanfor og utanfor HBR. Det er gjort berekningar som viser at det på dette området isolert sett, truleg ikkje er rimelegare for Sveio kommune innanfor HBR.

Samla kostnad 2024–2027

Samla vil kostnaden (drift og investering) for eit samarbeid med Haugesund brannvesen ha ein kostnad på til saman ca. **7,5 mill. kroner** pr. år dei neste fire åra. (Eller ca. **8,0 mill. kroner** ved nybygg i Førde.)

Det følger av HBR sin økonomiplan for 2024–2027 at Sveio sin andel av driftsbudsjett og fellesinvesteringar blir **7,1 mill. kroner** i 2024 og **8,9 mill. kroner** i 2025. Dette følger av eit nyleg vedtak i HBR sitt styre.

Andre kostnader

Rådmannen viser òg til kva som er sagt i tidlegare sak: Ei omorganisering vil kunna ha kostnader som ikkje kjem fram her, utan at ein har nokon konkrete tal på dette på noverande tidspunkt – dette vil ein måtta komma tilbake til i ei ev. sak om detaljane rundt ein overgangsprosess, altså etter at endeleg samarbeidsavtale er inngått. Det kan f.eks. vera kostnader til utgreiing av detaljar rundt ein overgang eller mindre, uføresette kostnader til manglande utstyr eller liknande, i tillegg til utløysingskostnader og interne kostnader ved ein eventuell overgang.

Beredskap

Som det kjem fram av tidlegare sak er det i all hovudsak mogleg å oppretthalda same beredskapsnivå saman med Haugesund brannvesen som ved eit medlemskap i Haugaland brann og redning IKS (HBR).

Vurdering

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort i førre sak, men vil trekka fram følgande som då blei sagt: Det økonomiske biletet har vore og er noko utfordrande å få oversikt over. Det var i utgangspunktet rådmannen si vurdering at dei reelle innsparingsmoglegheitene ved eit bytte til Haugesund brannvesen er såpass usikre, og av ein slik størrelse at det skal lite til for at summen – ved små endringar i kostnadsnivå eller organisering – kan bli redusert til det tilnærma ubetydelege.

Rådmannen ser på det slik at delar av usikkerheitsmomenta i den økonomiske analysen står att, og ikkje er praktisk moglege å redusera ytterlegare enn kva som no er gjort i arbeidet med saka her. Talmaterialet som er tilgjengeleg i saka her etter at styret i HBR vedtok økonomiplanen for 2024–2027, sett saman med tala i sak KOM-048/23 og ESC sin rapport er kva som er praktisk oppnåeleg kunnskapsgrunnlag.

Men dei oppdaterte prognosane frå HBR gir likevel grunnlag for å konkludera med at eit samarbeid med Haugesund kommune vil bli rimelegare enn eit medlemskap i HBR. I motsetnad til kva som var tilfellet i juni, synest forskjellane i kostnader for kommande år i høvesvis HBR og i eit samarbeid med Haugesund, å vera av ein slik størrelse at rådmannen vurderer det som sikrare enn tidlegare at eit

samarbeid med Haugesund vil vera det rimelegaste alternativet. Den sist vedtatte økonomiplanen i HBR gjer det òg mindre truleg med særleg reduserte kostnader med å bli verande der.

Det er vidare rådmannen si vurdering at Sveio kommune vil kunna få større påverknadsmoglegheiter i potensielt kostnadsdrivande prosessar i eit samarbeid med Haugesund kommune enn som medlem i HBR.

Som nemnd vil det òg vera mogleg å oppretthalda same beredskapsnivå i eit samarbeid med Haugesund som det Sveio i dag har som ein del av HBR. Dialog med Haugesund har òg gitt avklaringar rundt organisering som rådmannen vurderer som føremålstenlege, jf. punktlista over i avsnittet «Saks- og faktaopplysningar». Både omsynet til økonomi, beredskap og organisering kan tala for at eit samarbeid med Haugesund brann- og redningsvesen vil vera eit gode for Sveio kommune.

Rådmannen sin konklusjon

Dialogen og avklaringane som er gjort med Haugesund brannvesen i etterkant av kommunestyret sitt vedtak av 12. juni, samt oppdatert økonomisk informasjon, gjer at rådmannen endrar si opphavelige innstilling frå juni og legg fram eit framlegg til vedtak om å gå ut av HBR og inngå eit samarbeid med Haugesund brannvesen.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6 (IKS-loven)
- Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og eksplosjonsvernloven)
- Forskrift om brannførebygging av 17. desember 2015 nr. 1710
- Forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralane av 15. september 2021 nr. 2755 (brann- og redningsvesenforskrifta)
- Selskapsavtale for Haugaland brann og redning

Vedlegg:

Framtidig organisering av brann- og redningsvesen

2023-08-16 Sak til styret – Budsjett og økonomiplan

2023-08-16 Sak til styret (vedlegg) – Budsjett

2023-08-16 Sak til styret (vedlegg) – Økonomiplan

2023-08-18 Sak til styret – Bygging av hovudbrannstasjon

Årsmelding 2022 – Haugaland brann og redning



Saksbehandlar: Petter Steen jr.

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
135/23	Formannskapet	23.10.2023
116/23	Kommunestyret	06.11.2023

Godkjenning av revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS og samarbeidsavtale for Haugalandsrådet IPR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret i Sveio kommune vedtek «Samarbeidsavtale for Haugalandsrådet IPR» og dei naudsynte endringane i selskapsavtalen for Haugaland Vekst IKS, dagsett 11. august 2023, slik dei ligg ved saka.
2. Sveio kommunestyre bed rådmannen koma attende til kommunestyret med framlegg til eigarstrategi for Haugaland Vekst IKS.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Ordsiftet for sakene KOM-116/23 og KOM-117/23 blei tatt under eitt.

På spørsmål frå Mikal M. Hovda (H) på kvifor det er nokon forskjellar i samarbeidsavtalane før høvesvis Haugaland Vekst og Region Sunnhordland, viste rådmannen til at dette kan skuldast historiske grunnar, då høvesvis Haugalandsrådet og Sunnhordlandsrådet har utvikla delvis forskjellige arbeidsmåtar og prosessar.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 116/23 Vedtak

1. Kommunestyret i Sveio kommune vedtek «Samarbeidsavtale for Haugalandsrådet IPR» og dei naudsynte endringane i selskapsavtalen for Haugaland Vekst IKS, dagsett 11. august 2023, slik dei ligg ved saka.

2. Sveio kommunestyre bed rådmannen koma attende til kommunestyret med framlegg til eigarstrategi for Haugaland Vekst IKS.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

FOR - 135/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret i Sveio kommune vedtek «Samarbeidsavtale for Haugalandrådet IPR» og dei naudsynte endringane i selskapsavtalen for Haugaland Vekst IKS, dagsett 11. august 2023, slik dei ligg ved saka.
2. Sveio kommunestyre bed rådmannen koma attende til kommunestyret med framlegg til eigarstrategi for Haugaland Vekst IKS.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sveio kommune er saman med ni andre kommunar i regionen og Rogaland fylkeskommune eigar i Haugaland vekst IKS og medlem i regionrådet for Haugalandet. Regionrådet er i dag regulert som ein del av det interkommunale selskapet.

Etter ny kommunelov er det no ei sams forståing av at eit slikt regionalt politisk råd **ikkje** kan organiserast som ein del av eit IKS. Det må difor lagast ein ny samarbeidsavtale om dette, og rådet blir eit eige rettssubjekt. Tilsvarande må og gjerast for andre råd. Omorganisering av dagens Sunnhordlandsrådet til nye Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IKS er fremja av rådmannen som eiga sak.

Styret, regionrådet og administrasjonen i Haugaland vekst har hatt saka oppe i fleire møte, samt hatt kontakt med advokatar i Samfunnsbedriftene (tidlegare KS-bedrift) og Karmøy kommune. I møtet 11. august 2023 vedtok representantskapet å senda avtalen over til kommunane for endelege kommunestyrevedtak. Vedtaket fører til at det må gjerast nokre endringar i selskapsavtalen for Haugaland Vekst IKS.

Vedtaket i representantskapsmøtet 11. august blei slik:

1. **Representantskapet vedtek «Samarbeidsavtale for Haugalandrådet interkommunale politiske råd» slik det ligg i framlegget, og ber om at Haugaland vekst sender dette til eigarkommunane for vedtak i kommunestyra.**

2. Som følge av vedtaket om «samarbeidsavtale for Haugalandsrådet interkommunale politiske råd» blir det gjort nødvendige endringar i «Selskapsavtale for Haugaland vekst IKS» i paragrafane 3 og 7, 15 og 18 og 20, slik det er lagt fram i møtet.
3. Representantskapet ser at det må gjerast ytterlegare endringar i «Selskapsavtalen for Haugaland vekst IKS», og ber om sak på dette til fyrste representantskapsmøte i 2024.
4. Representantskapet ber kommunedirektørgruppa om å starta arbeid for å få laga og vedteke ein samla eigarstrategi for Haugaland vekst IKS

Saks- og faktaopplysningar

Situasjonen i dag:

Regionrådet er i dag samansett av ordførarane og kommunedirektørane/rådmennene i kommunane. I tillegg møter fylkesordførar. Dei lokale stortingsrepresentantane blir og inviterte til alle møta. Rådet har møte 5-6 gonger i året, og tek opp dei same områda som selskapet gjer, men i tillegg kan rådet ta opp andre aktuelle samarbeidsprosjekt som kan vera interessante. Møta er opne, og innkallingar og protokollar blir sendt kommunane og ligg ope tilgjengeleg på selskapet si nettside.

Haugaland vekst IKS er eit selskap som, i tillegg til å vera sekretariat for regionrådet, skal driva regionalt utviklingsarbeid på vegner av kommunane. Arbeidet skal bidra til auka samhandling, auka attraktivitet og auka verdiskaping i regionen som består av dei ti kommunane på Haugalandet og indre Ryfylke. Prioritering av arbeidet skjer gjennom vedtak av «Vegkart for Haugalandet 21-25». Handlingspunkt blir prioritert kvart år, sist desember 2022.

Viktige arbeidsområde for selskapet har då dei siste åra mellom anna vore:

- Påverknadsarbeid og koordineringsarbeid knytt til havvindutbygging, reiseliv, grønt industriløft og generell næringsutvikling i området.
- Påverknad og koordinering av samferdsleutfordringar knytt til veg og flyplass gjennom tilskiping av konferansar, tilrettelegging av møte og utgreiingsarbeid.
- Kontakt med sentrale politikarar og med Stortinget og departementa. Tilrettelegging for møteplassar mellom lokale ordførarar og sentrale politikarar.
- Arbeid for å visa fram regionen som ein attraktiv stad å bu, særleg retta mot unge.
- Arbeid for å ha statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i regionen.
- Åtte av kommunane er i tillegg med i HSA (Haugaland skole og arbeidsliv), som arbeider for å skapa gode relasjonar mellom skule og næringsliv, samt gje god rådgjeving til unge.

Endringsframlegg.

Regionrådet har valt ei løysing som ikkje gjev så store praktiske endringar, og for kommunane vil det meste i stor grad opplevast som likt dagens situasjon. Ein har valt å kalla regionrådet for Haugalandsrådet IPR. Dette blir eit eige rettssubjekt, men organisert som ei «søster» til Haugaland Vekst IKS. Dette gjer at IKS-et framleis kan vera sekretariat for rådet. Representantskapa i dei to selskapa må då vera identiske. Eit anna alternativ kunne vore at regionrådet ikkje blei eige rettssubjekt, men blei innlemma i kontorkommunen, det vil seia Haugesund sin rekneskap. Regionrådet har valt å ikkje gå inn på dette alternativet.

Samarbeidsavtale for Haugalandrådet IPR.

Framlegget til avtale tek utgangspunkt i avtalen som gjeld for Haugaland Vekst IKS i dag, og det er såleis lagt til rettes for at det ikkje skal skje store endringar i måten regionrådet og Haugaland Vekst i dag blir oppfatta i kommunane. Likevel tek avtalen høgde for det som ligg i kapittel 18 i kommunelova. Dei viktigaste momenta er desse:

- Regionrådet bestemte i møtet juni 2023 at namnet skulle vera Haugalandrådet. Etter kommunelova skal det i tillegg heita “interkommunalt politisk råd”, i det vidare er dette forkorta til IPR.
- Det er lagt til rettes for at dette er to søsterorganisasjonar. Dette blir gjort for at Haugalandrådet IPR kan nytta Haugaland vekst IKS som sekretariat utan at det er trong for anbudsrunde. Sekretariatsfunksjonen er skriva inn i avtalen. I følgje advokatane i Samfunnsbedriftene (tidlegare KS Bedrift) er det då ein føresetnad at det er identiske representantskap i Haugaland Vekst IKS og Haugalandrådet IPR. Det er og slik at medlemskap i Haugalandrådet er avhengig av medlemskap i Haugaland Vekst og vice versa. Dette må formaliserast gjennom ein samarbeidsavtale.
- Kommunedirektørar og fylkesdirektør kan ikkje gjevast røysterett i rådet eller i underliggende organ, dersom desse kan ta eigne avgjerder. (kommunelova § 7-3 b). Dei har etter avtalen tale- og forslagsrett som i dag, men dei kan t.d. ikkje lengre få delegert fullmakt til å røysta når ordførar er borte. Ein eventuell kommunedirektør i arbeidsutvalet vil også maksimalt ha tale- og forslagsrett.
- I økonomisk innbetaling er det lagt til grunn at alle kommunane betaler inn lik grunnsom. Denne er lik grunnsommen som kvar kommune i dag betaler til Haugaland vekst, og erstattar denne. Det skal difor ikkje bli auka kostnader knytt til endringa.
- Myndet til å avgjera bruk av «Regionrådets fond» blir lagt til Haugalandrådet IPR.

Endra selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS.

I utgangspunktet er det gjort tre reelle endringar i denne avtalen. Alle desse er ein konsekvens av samarbeidsavtalen om Haugalandrådet IPR.:

- Alle punkta som viser til regionrådet er tekne bort, med unntak av at sekretariatsfunksjonen til Haugaland vekst IKS for Haugalandrådet IPR er skriven inn.
- Finansieringa er endra slik at grunnsommen som kvar kommune skal betala, blir teken bort og overført til finansiering av Haugalandrådet IPR. Summen for kvar ibuar er indeksregulert til næraste krone. Elles er finansieringa urørd, slik at innbetaling frå kvar kommune, samla til dei to selskapa, blir lik som ho ville vore utan dette skiljet.
- Samanhengen mellom medlemskapen i Haugalandrådet IPR og Haugaland Vekst IKS er skriven inn.

Endringsframlegga er synte med raudt i vedlegget. Det er etter at selskapsavtalen blei vedteken i 2018, gjort sentrale lovendringar i fleire lover som har innverknad på selskapsavtalen. Representantskapet har valt å be om eiga sak om selskapsavtalen med litt vidare perspektiv, og desse endringane vil då koma inn i den saka.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Ikkje aktuelt.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

I dag er finansieringa av Haugaland vekst sett saman av bidrag frå kommunane, driftstilskot frå Rogaland fylkeskommune og prosjektinntekter. Bidraget frå kommunane er sett saman av ein grunnsum og eit bidrag per ibuar. I framlegget som ligg til vedtak, er det lagt til grunn at betalinga frå kvar kommune vil vera den same i den nye organiseringa som ho ville vore med den organiseringa som er i dag.

Det blir gjort framlegg om at Haugalandsrådet IPR blir finansiert gjennom eit fast beløp frå kvar kommune. Dette beløpet er tilnærma likt grunnsummen kvar kommune betaler inn til Haugaland Vekst etter dagens avtale. Utgiftene til Haugalandsrådet IPR vil vera betaling for sekretariatstenester, del av husleige- og kontorkostnader, samt utgiftene til sjølve møta. Dei to første punkta vil gå inn i ein avtale med Haugaland vekst IKS om tenestekjøp. Røynslene tilseier at grunnsummen vil vera stor nok til å dekkja desse kostnadene.

Betalinga som baserer seg på talet på ibuarar kommunen, som i dag er ein del av innbetalinga til Haugaland Vekst, vil framleis gå til Haugaland Vekst IKS. Denne er i avtalen tilnærma indeksregulert frå beløpet som står i gjeldande avtale, og det er ikkje gjort endringar i kva faktor dei ulike kommunane skal ha i utrekninga.

Kommunane oppretta i førre periode eit eige «Regionrådets fond». Det blei vedteke eigne retningslinjer som kommunestyra godkjenner. Det blir foreslått at det blir Haugalandsrådet IPR som i fortsetjinga har vedtaksretten over dette fondet.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Representantskapet i Haugaland Vekst, som er ordførarane i eigarkommunane, har tilrådd at kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen om Haugalandsrådet IPR og dei naudsynte endringane i selskapsavtalen for Haugaland Vekst IKS.

Avtalane gjer at selskapet og rådet har ordningar som er i tråd med endringane i kommunelova, samstundes som vi kan halda fram utan store endringar i høve til i dag. På ein måte gjer endringane at vi får eit tydelegare skilje mellom Haugalandsrådet, som skal vera eit politisk organ som for så vidt kan ta opp alle saker som har eit regionalt perspektiv, og Haugaland Vekst, som tydeleg skal arbeida for målsetningane som ligg til verdiskaping og attraktivitet i regionen, og samhandlinga som då må til.

Kostnaden for kommunen blir lik som etter dagens ordning. Rådmannen vil rå til at Sveio kommunestyre godkjenner både revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS og samarbeidsavtale for Haugalandsrådet IPR.

Arbeidet med denne saka, samt ny IKS-lov som Stortinget vedtok i juni, tilseier at det bør gjerast fleire endringar i selskapsavtalen for Haugaland Vekst. I denne saka er det likevel berre føreslått dei endringane som må gjerast for at Haugalandsrådet kan starta arbeidet i 2024. I handsaminga i regionrådet og representantskapet kom det og fram synspunkt om at det i tillegg var trong for å vurdere eigarstrategien i Haugaland Vekst. Det er tilrådd at kommunedirektørgruppa i regionen startar arbeidet med ein sams eigarstrategi for Haugaland Vekst, samt at det kjem ei eiga sak om ytterlegare endringar i selskapsavtalen i 2024.

Rådmannen vil støtta at det blir starta eit arbeid for å fornya eigarstrategien, og vil koma attende til kommunestyret med eiga sak om dette på eit seinare tidspunkt.

Ein gjer merksam på at dersom eit av kommunestyra ikkje godkjenner dei to avtalane slik dei ligg i saka, så må saka attende til alle kommunane.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til vurderinga ovanfor og framlegg til vedtak først i saka.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- LOV-2018-06-22-83; Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

Vedlegg:

23-02 Protokoll repskapsmøte den 11. aug 23, etablering av IPR

23-02 Selskapsavtale for Haugaland vekst IKS - revidert framlegg til representantskapet

23-02 Samarbeidsavtale for Haugalandsrådet IPR - framlegg representantskapet



Saksbehandlar: Petter Steen jr.

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
121/23	Formannskapet	23.10.2023
117/23	Kommunestyret	06.11.2023

Godkjenning av selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS og samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet IPR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret i Sveio kommune vedtek at det blir oppretta to rettssubjekt:
2. Region Sunnhordland IKS (tidlegare Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS / Sunnhordlandsrådet IKS).
3. Sunnhordlandsrådet IPR.
4. Sveio kommunestyre vedtek «Selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS» og «Samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet IPR» slik det går fram av saksframlegget og vedlegga til saka.
5. Sveio kommunestyre godkjenner den økonomiske fordelinga mellom Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, slik det går fram av saksframlegget. Det vil seia at 25 % av totalsummen som kommunane årleg betaler inn til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, er øyremerkkt Sunnhordlandsrådet IPR.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Ordsiftet for sakene KOM-116/23 og KOM-117/23 blei tatt under eitt.

På spørsmål frå Mikal M. Hovda (H) på kvifor det er nokon forskjellar i samarbeidsavtalane før høvesvis Haugaland Vekst og Region Sunnhordland, viste rådmannen til at dette kan skuldast historiske grunnar, då høvesvis Hauglandsrådet og Sunnhordlandsrådet har utvikla delvis forskjellige arbeidsmåtar og prosessar.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 117/23 Vedtak

1. Kommunestyret i Sveio kommune vedtek at det blir oppretta to rettssubjekt:
2. Region Sunnhordland IKS (tidlegare Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS / Sunnhordlandsrådet IKS).
3. Sunnhordlandsrådet IPR.
4. Sveio kommunestyre vedtek «Selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS» og «Samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet IPR» slik det går fram av saksframlegget og vedlegga til saka.
5. Sveio kommunestyre godkjenner den økonomiske fordelinga mellom Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, slik det går fram av saksframlegget. Det vil seia at 25 % av totalsummen som kommunane årleg betaler inn til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, er øyremerkkt Sunnhordlandsrådet IPR.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

FOR - 121/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret i Sveio kommune vedtek at det blir oppretta to rettssubjekt:
2. Region Sunnhordland IKS (tidlegare Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS / Sunnhordlandsrådet IKS).
3. Sunnhordlandsrådet IPR.
4. Sveio kommunestyre vedtek «Selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS» og «Samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet IPR» slik det går fram av saksframlegget og vedlegga til saka.
5. Sveio kommunestyre godkjenner den økonomiske fordelinga mellom Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, slik det går fram av saksframlegget. Det vil seia at 25 % av totalsummen som kommunane årleg betaler inn til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, er øyremerkkt Sunnhordlandsrådet IPR.

Saksutgreiing

Samandrag

Sunnhordlandsrådet IKS har i brev av 4. oktober 2023 vendt seg til eigarane og gjort greie for prosessen som er gjennomført for å sikra at verksemda er i tråd med føresegnene i kommunelova av 2018, § 18-1. Styret har konsultert advokat i Samfunnsbedriftene, og det er gjeve råd om at sjølvne regionrådet må få status som interkommunalt politisk råd (IPR), medan resten av verksemda vil halda fram med å vera organisert som eit interkommunalt selskap (IKS). Dei samla økonomiske overføringane frå eigarkommunane vil ikkje bli endra som følgje av omorganiseringa, men det blir lagt til grunn at 25 % av overføringane skal gå til drift av regionrådet Sunnhordlandrådet IPR.

Bakgrunn for saka

Kommunelova av 2018 førte med seg endringar i organiseringa av interkommunalt samarbeid på ymse felt. Det hadde lenge vore vanleg at regionråda var organiserte som interkommunale selskap (IKS) eller son ein del av verksemda til slike selskap. Som kjent er Sveio kommune fullverdig medlem av to slike regionråd, både på Haugalandet og i Sunnhordland. Det var lenge ei oppfatning at ein kunne halda fram med den same organiseringa også etter at ny kommunelov tok til å gjelda. Administrasjonen i Sunnhordlandsrådet IKS har, saman med Haugalandrådet, Hardangerrådet, Nordhordlandsrådet og Ryfylkerådet vore i dialog med Samfunnsbedriftene sin juridiske ekspertise om saka. Det er gjeve eit tydeleg råd om å skilja ut sjølvne regionrådet som eit eige rettssubjekt etter § 18-1 i ny kommunelov.

Sak om omorganisering har vore handsama i dei aktuelle styrande organa i Sunnhordlandsrådet IKS.

Saks- og faktaopplysningar

Rådmannen syner til brevet frå Sunnhordlandsrådet IKS av 4. oktober 2023 som ligg ved saka. Brevet gjev eit godt oversyn over både bakgrunnen for omorganiseringa og for kronologien i arbeidet i Samarbeidsrådet sine styrande organ.

Endringane har lite å seia for det daglege arbeidet, då dette vil halda fram etter at ein har tilpassa verksemda til ny kommunelov. Omorganiseringa vil heller ikkje føra til endringar i dei totale overføringane, men det blir lagt til grunn at 25 % av desse overføringane skal gå til drift av regionrådet, Sunnhordlandsrådet IPR.

Innkome merknadar / Uttale frå partar

Ikkje aktuelt

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Omorganiseringa fører ikkje til endringar i overføringane frå eigarkommunane. I 2023 er overføringa frå Sveio kommune eit fast tilskot på 21.258,50 (likt for alle kommunane) med tillegg av kr. 35,05 per ibuar, som utgjer kr. 200.556,10. Samla tilskot for Sveio i 2023 er såleis kr. 221.814,60.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Rådmannen ser at Sunnhordlandsrådet IKS har gjort eit seriøst og grundig arbeid for å tilpassa verksemda til ny kommunelov. Aktivitetsnivået i det etablerte samarbeidet som har vore knytt til Sunnhordlandsrådet IKS (fram til 2022 Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS) vil ikkje bli endra som følge av omorganiseringa. Det vil heller ikkje dei økonomiske overføringane. Rådmannen vil difor rå til at Sveio kommunestyre fattar vedtak i tråd meg tilrådinga i brevet frå Sunnhordlandsrådet IKS av 4. oktober 2023.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til vurderinga ovanfor og framlegg til vedtak først i saka.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- LOV-2018-06-22-83; Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

Vedlegg:

Framlegg til endringar i samanheng med omorganisering IKS/IPR

Selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS

Samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR)



Saksbehandlar: Stine Lise Espeland

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/23	Hovudutval teknisk/næring	16.10.2023
122/23	Formannskapet	23.10.2023
118/23	Kommunestyret	06.11.2023
029/23	Eldrerådet	12.10.2023

Heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av krav om heilskapleg ROS-analyse i §14 i Sivilbeskyttelsesloven blir Heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune vedteken som framlagt av rådmannen.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Protokolltilførsel frå Arne Valen (Sp):

Kommunestyret ber Sveio kommune bruka sitt pådrivaransvar overfor Statens vegvesen for å greia ut om Valevåg–Skjærsholmane er aktuell beredskapsløysing for transport ved lengre stenging av Bømlafjordtunnelen og få klargjort om teknisk standard på ferjeleiet i Valevåg er tilpassa dagens ferjer. Sveio kommune tar initiativ i samarbeid med Bømlo kommune overfor Vestland fylke og Statens vegvesen for å få vurdert eksisterande ferjesamband Buavåg–Langevåg som beredskapsveg.

Leif Tore Haukås (FrP) kommenterte at det allereie ligg føre ein beredskapsplan hos vegmyndigheitene kor Valevåg ferjeleie vil bli brukt, og at Buavåg ferjeleie vil vera for lite til å ta unna trafikken i eit slikt tilfelle med stenging av tunnelen.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 118/23 Vedtak

1. I medhald av krav om heilskapleg ROS-analyse i §14 i Sivilbeskyttelsesloven blir Heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune vedteken som framlagt av rådmannen.

2. Plandokumentet blir oppdatert i tråd med merknadar frå Leif T. Haukås fremma i hovudutval teknisk/næring.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Framlegg frå ordførar til tilleggspunkt:

Plandokumentet blir oppdatert i tråd med merknadar frå Leif T. Haukås fremma i hovudutval teknisk/næring.

Røysting:

Hovudutval teknisk/næring si tilråding blei røysta over saman med framlegget frå ordførar. Resultatet blei samrøystes for.

FOR - 122/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. I medhald av krav om heilskapleg ROS-analyse i §14 i Sivilbeskyttelsesloven blir Heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune vedteken som framlagt av rådmannen.
2. Plandokumentet blir oppdatert i tråd med merknadar frå Leif T. Haukås fremma i hovudutval teknisk/næring.

Hovudutval teknisk/næring 16.10.2023:

Behandling:

Leif Tore Haukås påpeika at Bråtveit natur- og kulturbarnehage er nedlagt. Vidare er ikkje kommunane Etne og Suldal lenger ein del av Haugaland brann og redning IKS, og Vindafjord og Ølen er éin kommune; Vindafjord.

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN - 056/23 Vedtak

Tilråding til formannskapet:

I medhald av krav om heilskapleg ROS-analyse i §14 i Sivilbeskyttelsesloven blir Heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune vedteken som framlagt av rådmannen.

Saksutgreiing

Samandrag

Sveio kommune sin heilskaplege ROS-analyse er frå 2013. Under våren 2019 gjennomførte Statsforvaltaren tilsyn på kommunen sitt heilskaplege og systematiske arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. I denne tilsynsrapporten kom det fram at gjeldande heilskaplege ROS-analyse for Sveio er mangelfull og har behov for ei oppdatering. Det er difor gjennomført eit arbeid med revidering av eksisterande ROS-analyse for Sveio for å svare ut tilsynsmerknadane frå Statsforvaltaren, og oppdatere planen med utgangspunkt i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin rettleiar frå 2022.

Bakgrunn for saka

I plan- og bygningslova og i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt er det krav om at kommunen skal arbeida med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har ansvar for å vurdere kva fare, risiko eller sårbarheit det er i kommunen på eit overordna nivå. Dette skal visast i ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Gjennom å synleggjera risikoen og omtala kva uønskte hendingar som kan skje i kommunen, kan ein leggja føringar for å førebyggja, avgrensa, avbøta og handtera desse.

Ved tilsyn med den kommunale beredskapsplikta gjennomført av Fylkesmannen i Vestland (no statsforvaltaren), blei det peika på tre avvik:

- Kommunen har ein forelda heilskapleg ROS-analyse som ikkje har vore oppdatert i takt med revisjon av kommuneplanen eller ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet.
- Analysen av uønskte hendingar er mangelfull og det er sagt for lite om kva oppgåver og tiltak som er aktuelle å setja i verk for kommunen.
- Det er for lite fokus på kritiske samfunnsfunksjonar, som m.a. evna til å oppretthalda tenester under ulike typar påkjenningar.

For å svare ut avvika frå tilsynet konkluderte rådmannen med at det var naudsynt å utarbeide ny ROS-analyse for Sveio kommune. Arbeidet blei starta opp i 2019 med mål om å utkast til heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune ferdig til sommaren 2020. Grunna vakanse i Samfunnsplanleggjar-stillinga, samt prioritering av andre prosjekt, blei arbeidet utsett. Arbeidet starta opp igjen våren 2022, med bistand frå konsulentar hjå ABO Plan og Arkitektur AS.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunen å syte for at offentlege og private aktørar vert invitert med i arbeidet med utarbeiding av ROS-analysen. For å sikre dette har revisjonsarbeidet vore utført i samarbeid med interne og eksterne beredskapsaktørar, relevante organisasjonar og verksemder. ROS-analysen har også vore på intern høyring, og var til offentleg ettersyn i perioden 21.06.2023-28.07.2023.

Saks- og faktaopplysningar

Heilskapleg ROS skal gje kommunen oversikt over risiko og sårbarheit og vere eit avgjerd- og kunnskapsgrunnlag for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap.

Dette er ei revidert utgåve av heilskapleg ROS for Sveio kommune. ROS-analysen er utført på eit overordna nivå, og inneber ei kartlegging av farar og potensiell risiko. I analysen er uønskte hendingar som kan råde kommunen identifisert. Analysen er ei grovanalyse som gir eit oversiktsbilete. Dette vil danne grunnlag for utarbeiding av oppfølgingsplan av ROS-analysen, jf. Forskrift om kommunal beredskapsplikt §3.

Meir utgreiing av informasjon om heilskapleg ROS og arbeidet som denne analysen gir grunnlag for er beskrive i hovuddokumentet (Heilskapleg Risiko- og Sårbarheitsanalyse Sveio).

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Sveio kommune har motteke fire tilbakemeldingar på Heilskapleg ROS-analysen då den var til offentleg ettersyn.

Merknad frå:	Innhald merknad:	Avklaring
Statsforvaltaren i Vestland	ROS-analysen vert teke til vitande. Fylkesberedskapsavdelinga kjem attende til uttale av analysen i samband med tilsyn.	Ikkje noko å avklare.
Statens vegvesen	Vurderer at samferdsle er handsama på ein fornuftig måte med utgangspunkt i lokale tilhøve, både med tanke på trafikkulukker og med tanke på uheldige naturhendingar som råkar infrastruktur som veg. SV har ikkje merknadar til det som er lagt til grunn for trafikkområdet på lokalt plan ut over ovannemnde. Uheldige hendingar på fylkeskommunale vegnett og riksnettet bør vere ein del av den heilskaplege risiko og sårbarheitsanalysen.	Det blir lagt inn ny hending «Større trafikkulukker» under kategorien «Store ulukker», som omtalar uheldige hendingar på fylkeskommunale vegnett og riksnettet.
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	NVE har ikkje kapasitet til å gå grundig inn i plandokumenta, og gi konkrete tilbakemeldingar på desse. Dei legg med informasjon om kunnskapsgrunnlaget for å vurdere omfang av skredfare i kommunen.	Informasjon blir teke i mot til vidare arbeid og kunnskapsgrunnlag. Elles ikkje noko å avklare.
Mattilsynet	Mattilsynet støttar forslaga til moglege tiltak for risikovurdering for langvarig bortfall av kommunal vassforsyning, hending nr.15. Spørsmål om hendingane nr. 1 og nr. 15 er ført opp under rett risikoklasse då dei er lagt inn under både gul og raud risikoklasse (hendingar skal berre førast opp under den høgaste risikoklassen).	Merknad om hending nr.1 og nr.15 si plassering i risikoklasse er teke til vurdering, og blitt retta opp. Hending nr.1 og hending nr.15 er no lagt under raud risikoklasse.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

ROS-analysen er utført etter Sveio kommune sine akseptkriterier. Desse akseptkriterier er lagt til grunn i ROS-analysen. I identifisering og vurdering av uønskete hendingar blir det blant anna vurdert konsekvens for materielle verdiar, som viser til kor stor økonomisk konsekvens desse uønskete hendingane vil ha.

Beredskap

Det er eit krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt at kommunen har vurdert kva fare, risiko eller sårbarheit det er i kommunen på eit overordna nivå. Denne heilskaplege ROS-analysen viser til desse vurderingane og legg føringar for korleis Sveio kommune skal førebyggja, avgrensa, avbøta og handtere desse uønskete hendingane.

Vurdering

Vurdering i høve til folkehelse:

ROS-analysen er utført etter Sveio kommune sine akseptkriterier. Desse akseptkriterier er lagt til grunn i ROS-analysen. I identifisering og vurdering av uønskete hendingar blir det blant anna vurdert konsekvensar for liv og helse, som viser til kor stor konsekvens desse uønskete hendingane vil ha i forhold til personskadar.

Vurdering i høve til klima og miljø:

ROS-analysen er utført etter Sveio kommune sine akseptkriterier. Desse akseptkriterier er lagt til grunn i ROS-analysen. I identifisering og vurdering av uønskete hendingar blir det blant anna vurdert konsekvensar for natur og miljø, som viser til kor stor konsekvens desse uønskete hendingane vil ha i forhold til miljøskadar.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til den vedlagde Heilskaplege ROS analysen m/vedlegg og til framlegg til vedtak først i saka.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Plan- og bygningslova §§3-1h og 4-3
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelsesloven) §14
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt §2
- Byggteknisk forskrift
- Forurensingsloven
- Brann- og eksplosjonsvernloven
- Næringsberedskapsloven



Saksbehandlar: Stine Lise Espeland

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/23	Hovudutval teknisk/næring	16.10.2023
123/23	Formannskapet	23.10.2023
119/23	Kommunestyret	06.11.2023

Kommunedelplan Sveio sentrum – Vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av §11-15 i plan og bygningslova blir kommunedelplan for Sveio sentrum vedteke som framlagt av rådmannen.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg frå Asle G. Halleraker (TvF) til tilleggspunkt:

Rådmannen blir bedd om å komma tilbake med ei evaluering av prosessen rundt sentrumsplanarbeidet, og peika på konkrete læringspunkt etter planarbeidsprosessen. Kommunestyret ønsker at denne evalueringa skal vera eit samarbeid mellom kommuneadministrasjonen og hovudutval teknisk/næring.

Fleire, inkludert forslagsstillar, understreka at denne evalueringa ikkje skal vera ressurskrevjande, men gjerast på enkelt vis.

Røysting:

Det blei først røysta over formannskapet si tilråding. Denne blei samrøystes vedtatt.

Det blei deretter røysta framlegget frå Halleraker (TVF). Dette blei samrøystes vedtatt.

KOM - 119/23 Vedtak

1. I medhald av §11-15 i plan og bygningslova blir kommunedelplan for Sveio sentrum vedteke som framlagt av rådmannen.

2. Rådmannen blir bedd om å komma tilbake med ei evaluering av prosessen rundt sentrumsplanarbeidet, og peika på konkrete læringspunkt etter planarbeidsprosessen. Kommunestyret ønsker at denne evalueringa skal vera eit samarbeid mellom kommuneadministrasjonen og hovudutval teknisk/næring.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som hovudutval teknisk/næring si tilråding.

FOR - 123/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

I medhald av §11-15 i plan og bygningslova blir kommunedelplan for Sveio sentrum vedteke som framlagt av rådmannen.

Hovudutval teknisk/næring 16.10.2023:

Behandling:

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN - 064/23 Vedtak

Tilråding til formannskapet:

I medhald av §11-15 i plan og bygningslova blir kommunedelplan for Sveio sentrum vedteke som framlagt av rådmannen.

Saksutgreiing

Samandrag

Planforslaget var til offentleg ettersyn sommaren 2022. Det kom inn fleire merknadar til planforslaget, som er blitt arbeida med i ettertid. Det blei halde to dialogmøte med Statsforvaltaren i Vestland i etterkant av høyringa, der punkt for motsegn blei drøfta for å koma fram til gode løysningar. Det er med bakgrunn i alle merknadane, samt dialog med Statsforvaltaren, gjort justeringar i planforslaget som medførte til at det blei behov for andre gongs offentleg ettersyn av planforslaget. Planforslaget var til 2. gongs offentleg ettersyn i perioden 13.06.2023-25.08.2023. Merknadane som kom inn i denne perioden er vist i eige vedlegg til saka. Planforslaget har blitt justert ut i frå vurderingar av merknadane som kom inn i høyringsperioden, dette er i all hovudsak mindre justeringar. Planforslaget for Kommunedelplan for Sveio sentrum er difor klar for vedtak.

For meir utdjupa informasjon om planforslaget og forklaring av innhaldet i plankartet og føresegnene er det utarbeida ein planomtale.

Bakgrunn for saka

Den gjeldande kommunedelplanen for Sveio sentrum er frå 2010 og dekkjer ikkje heile det reelle sentrumsområdet. Kommunedelplanen frå 2010 er utdatert og har behov for eit meir heilskapleg perspektiv på arealbruken for å sikra god utvikling av sentrumsområdet med tilhøyrande omland. På bakgrunn av dette vert det vedteke at Sveio kommune skulle utarbeide ein revidering av kommunedelplanen for Sveio sentrum. Planområdet er vist i plankartet. Parallelt med arbeidet med sentrumsplanen har det også blitt starta opp arbeid med ny kommuneplan for Sveio kommune. Samfunnsdelen av kommuneplanen er overordna for arbeidet med sentrumsplanen. Den er retningsgjevande for korleis ein skal nå sentrumsplanen sine mål.

Den nye sentrumsplanen har som føremål å sikra god og ønskja utvikling av Sveio sentrum, der det er teke omsyn til allmenne interesser, samfunn og miljø. Målsettinga er å skapa eit klart definert, levande og attraktivt sentrum med god bustadstruktur og tilrettelegging for fleire arbeidsplassar, styrka handels- og servicefunksjonar. Dette skal bidra til at Sveio sentrum skal vera eit knutepunkt for alle innbyggjarane i Sveio kommune.

Det er blitt gjort mindre justeringar i planforslaget etter det var til 2. gongs offentleg ettersyn i perioden juni-august 2023. Den største justeringa som er gjort er ei utviding til tilnærma same areal for B8 som i planforslaget som var til 1. gongs offentleg ettersyn. Elles er det blitt gjort nokre mindre justeringar i føresegnene og i planomtalen, samt at det er svart opp i eige dokument merknadane frå både første og andre gongs offentlege ettersyn.

Saks- og faktaopplysningar

Administrasjonen i Sveio kommune starta opp ei sak om revidering av gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum i samband med politiske forventningar i mai 2015, og varsla oppstart. Kommunestyret gjorde vedtak om at Hovudutval teknisk/næring skulle vera politisk styringsgruppe og det blei oppretta ei administrativ arbeidsgruppe. Det blei halde folkemøte om planprosessen tre gonger, først i juni 2015, deretter i februar 2016 og september 2018. I tillegg blei det gjennomført barnetråkkregistreringar i alle skular (5. og 6. trinn og i ungdomsskulen) i perioden april—mai i 2016. Rapport om barnetråkk i kommunen var ferdigstilt i 2018. Planprogrammet blei godkjent i mars 2017. Stadanalysen var ein viktig premis for planleggingsarbeidet, og blei ferdig i januar 2019. Planen var til offentleg ettersyn fyrste gong i perioden juni-august 2022.

Tidleg i begge høyringsperiodane vart det halde eit informasjonsmøte på rådhuset for å presentere innhaldet i planen. Det kom inn fleire merknadar til planforslaget i høyringsperiodane, både frå private og offentlege instansar. Sjå innkomne merknadar/uttale frå partar ved 1. gongs offentleg ettersyn i vedlegg 2.

Etter at planen var til offentleg ettersyn sommaren 2022 er det blitt gjort fleire justeringar til planforslaget, noko som medfører at det var behov for at det nye justerte planforslaget blei lagt ut på andre gongs offentleg ettersyn i perioden juni-august 2023. Sjå innkomne merknadar/uttale frå partar ved 2. gongs offentleg ettersyn i vedlegg 1.

Jfr. Vurderingar av gjeldande reguleringsplanar i sentrum, er det vurdert at fire reguleringsplanar blir oppheva ved vedtak av kommunedelplan for Sveio sentrum. Reguleringsplanane som blir oppheva er:

- 1978001 Industriområde Sveiåsen I m/ending 1983
- 1982002 Industriområde Sveiåsen II – bnr.40

- 1986003 Melkeneset – del av gnr.40 bnr.6 m.fl.
- 2000007 Bustadfelt – gnr. 40 bnr.10 (Fjellstad Vest)

Rapport med vurderingane av gjeldande reguleringsplanar i sentrum var del av saksdokumenta som var til offentleg ettersyn. Det er også sendt ut brev til grunneigarar innanfor reguleringsplanområda nemnt over.

Innkome merknadar / Uttale frå partar


Sjå vedlegg 1 – Kommunedelplan Sveio sentrum merknadar etter 2. gongs offentleg ettersyn (2023)

Sjå vedlegg 2 – Kommunedelplan Sveio sentrum merknadar etter 1. gongs offentleg ettersyn (2022)

Oppsummering av justeringane gjort med planforslaget til Kommunedelplan for Sveio sentrum etter planen var til offentleg ettersyn i perioden frå 13.06.2023-25.08.2023:

Plankart:

- Tekniske justeringar etter gjennomgang av sosi-fil.
 - Ny H370_16 høgspenledning i luft (hadde dette ut under tidlegare justeringar)
 - Ny synleggjering av reguleringsplanar som skal gjelda med kommunedelplanen. Hovudføremål visast og føresegnområde #8-19 omtalar kva reguleringsplan som ligg her. Lagt inn forklaring i føresegnsområdene for oppdeling av reguleringsplan 1998004 Golfbanen byggjesteget I.
 - Renummerert H910 sonene, reguleringsplanar som skal gjelde uendra.
- Justert B8 til å strekkje seg lenger mot nord, og trekke det lenger aust frå kjerneområde landbruk, samt leggje til rette for vegtilkomst i sør frå sving i Åsevegen og nordover mot B8 i føresegnene.
- Bilete av ny avgrensing av B8 (sjå elles plankartet)



Føresegner

- Nytt punkt, føresegn 2.3.1.6: «B8 skal tilby eit variert bustadtilbod, med ei god arealutnytting der det er kombinasjon av konsentrerte bustadtilbod og einebustadar. I detaljreguleringsplan for B8 skal det gå fram i rekkefølgekrav at utbygging startar nærmast sentrum og utvidar nordover. Detaljreguleringsplanen skal særskilt syne tilkomstveg til sentrumskjernen og Tjernagelvegen. Framtidig samferdselslinje synt i plankartet (raud linje) er éin alternativ trasé for veg til sentrum. I reguleringsplanen er det viktig at det blir teke særskilt omsyn til bekkedrag, naturmangfald og GTD2 i planområdet. Løysingane for vegtilkomst skal også inkludera areal til sykkel- og gangsti.»
- Lagt til ekstra føresegn under 2.3.19 Kulturminne (no ny 2.3.19.2): «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I byggeområde på land og i sjø skal undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Der det ikkje ligg føre plankrav, skal tiltak avklarast med regional kulturminnemunde før vedtak blir fatta. Tiltak unnateke søknadsplikt er regulert av kulturminnelova som særlov. Tiltak i LNF-område og LNF-S som kan vera eigna til å skade automatisk freda kulturminne i strid med §3 i kulturminnelova må avklarast med regional kulturminnemynde.»
- Justert føresegn 2.4.2.3 med følgjande underpunkt for B27: «Framtidig areal for bustadar B27, skal ha særskilt effektiv arealutnytting med minst 4 bueiningar per daa.
- Lagt til ekstra føresegn under 2.4.3 Arealføremål Sentrumsformål (no ny 2.4.3.7): «Arealføremål som kan nyttast til forretning skal ha aktive, opne og oppbrutte fasadar mot fyrste etasje mot handlegater og sentrale sentrumsrom, med direkte inngangar utanfrå.»
- Lagt til tekst i føresegn 2.4.7.3.7: «Før etablering av småbåtanlegg må det sikrast trygg tilkomst til området for mjuke trafikantar.»

Planomtale

- Omtalt Vikingland sine innverknadar på trafikktilhøva i området dersom dette i framtida skulle bli realisert, s.56.

«Dersom det i framtida blir etablert temapark, Vikingland, er det å forvente at trafikkmengda kjem til å auke. Dette er viktig å ta høgde for i framtidig planlegging av trafikktilhøva i området rundt Sveio sentrum og langs fv.47.»

- Lagt inn kolonne for moglege lokale tiltak for å realisere FN sine berekraftsmål i Sveio sentrum, s. 9.
- Omtalt bruk av Barnetråkk-registreringar meir i kap. 5.7

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål

Av FN sine berekraftsmål er følgjande tema relevante i samband med planlegging av arealbruken i sentrumsområdet:

Mål nr.	Tema	Kommunen sitt fokus i arealplanlegginga

Mål 1	Utrydda fattigdom	leggja til rette for at alle skal ha moglegheit for gode og trygge bustader av god kvalitet
Mål 3	God helse og livskvalitet	sikra moglegheit for eit aktivt liv med gode nærtuområde, og areal for leik- og fritidsaktivitetar, idrett og rekreasjon, og at det er støyfritt og tilgang til frisk luft og reint vatn
Mål 4	God utdanning	leggja til rette for at det er tilstrekkeleg areal sett av til barnehage og skule, i trygge omgjevnader
Mål 6	Reint vatn og gode sanitærforhold	sikra teknisk infrastruktur slik at alle utbyggingsområde har god tilgang til vatn og avlaup
Mål 7	Rein energi til alle	leggja til rette for bruk av fornybare energikjelder og minska energibruk
Mål 8	Anstendig arbeid og økonomisk vekst	auka befolkningsgrunnlaget i sentrum for å sikra økonomisk vekst til næringsaktørar i planområdet, og leggja til rette for etablering av næring som gjev arbeidsplassar
Mål 9	Industri, innovasjon og infrastruktur	tilrettelegging og utbygging av næringsareal og teknisk infrastruktur
Mål 10	Mindre ulikskap	sikra at alle innbyggjarar har tilgang til bustader av tilstrekkeleg god kvalitet og like moglegheiter for å bu i gode miljø
Mål 11	Berekraftige byar og lokalsamfunn	leggja til rette for mindre bilbruk, auka gange og sykkelbruk, mindre nedbygging av viktige naturområde, god tilgang til nærmiljøområde mv.
Mål 12	Ansvarlig forbruk og produksjon	stilla krav til at tiltaka har fokus på kvalitet og klimavenlege materialval og energibruk, tilrettelegging for ladestasjonar for elbilar og elektriske sykklar, og gjera det mogleg å produsera lokal mat
Mål 13	Stoppa klimaendringane	klimatilpassing, ved å byggja ut forsvarleg med omsyn til klimaendringane, jf. eige notat i vedlegg
Mål 15	Livet på land	sikra at verneverdige areal ikkje blir bygd ned for framtida
Mål 17	Samarbeid for å nå måla	sikra godt samarbeid mellom overordna styresmakter, kommunen, utbyggjarane og innbyggjarane

Økonomiske konsekvensar

Framtidig utbygging av Sveio sentrum vil få økonomiske konsekvensar både for kommunen, grunneigarar, innbyggjarar og næringsaktørar. Kva for økonomiske konsekvensar det vil vera er avhengig av arealføremåla i plankartet og føringane som ligg til dei.

Beredskap

Det er gjort vurdering av risiko og sårbarheit (ROS), i tillegg til konsekvensutgreiing (KU) for planen. I ROS-analysen er det utarbeida fareidentifisering av planområde for å identifisera moglege uønskte hendingar. I tillegg er det utarbeida i ROS-analysen ei sårbarheitsvurdering for å vurdere om dei uønskte hendingane utgjer ein risiko i planområdet for kvar enkelt nytt arealføremål. Innspela som er kome inn er vurdert ut i frå KU og ROS.

Vurdering

Vurdering i høve til ROS analyse:

Plan- og bygningslova § 4-3 seier at ved utarbeiding av planar skal det utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalysar – ROS-analysar. ROS-analysen skal følgja Krav om risikovurderingar og Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) sin rettleiar Samfunnssikkerhet i arealplanlegging. I ROS-analysen skal ein ta utgangspunkt i kjent kunnskap om planområdet, dagens arealbruk og omkringliggjande område. Planframlegget må vise til ei vurdering av alle tilhøve ved arealet uansett om risikoen er akseptabel eller ikkje. Akseptkriteria skal vera i samsvar med krava i TEK 17. ROS-analysen er utarbeid for heile planområdet.

I ROS analysen kjem det fram at overvatn og avrenning er sentrale utfordringar som må vurderast innanfor planområdet. Klima og miljø i forhold til framtidig auka nedbørsmengder kan medføre auka fare for flaum i bekkar og elvar, noko som inneber at det må gjerast avbøtande tiltak med avgrensing mot elver, bekkar og randsona til desse. Det er også viktig at det er avklara vatn og avlaupsforhold før framtidig utbygging i dei ulike områda, og det må dokumenterast tilstrekkeleg vasstrykk for sløkkjevatt. Forureining av vatn og forstyrring av naturområde er vurdert som risiko som følge av framtidig utbygging i fleire delar av planområdet. I tillegg er det vurdert risiko for skred og ras i delar av planområdet, som må sikrast før framtidig utbygging. I skog- og lyngkledde områder må dette sikrast for skogbrann før utbygging. Det er også vist til utfordringar i planområdet når det gjeld trafikkforhold, då det i fleire delar av planområdet er vurdert dårlege tilkomstveggar for mjuke trafikantar, og at det trengs tiltak for å sikra siktforhold. Det må også sikrast god tilkomst for redningsbilar til områda der folk bur og oppheld seg. Planområdet inneheld kulturmiljø vist i kulturminneplanen, og desse må takast omsyn til ved framtidig utbygging. Det er også registrert støysoner i planområdet. Med dette i bakgrunn er reguleringsplanar som er vurdert til å bli vidareført uendra gjennomgått på nytt, og der desse tema ikkje er avklara i plan er reguleringsplanen vurdert til å bli vidareført saman med kommunedelplanen. Då vil føresegnene til kommunedelplanen gjelda for reguleringsplanen der det er planen sine føresegner har manglar.

Vurdering i høve til KU:

Plan- og bygningslova § 4-1 seier at for alle kommuneplanar skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal syne kva venta verknader for miljø og samfunn planen kan få og kva tema, som i den samanheng skal konsekvensutgreiast. Planprogrammet viser i tillegg føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar, deltakarar og opplegg for medverknad.

I KU er behovet for bustadføre mål vurdert i planområdet. Vurderingane tek føre seg kva for areal som først bør byggjast ut før andre bustadområde som er føreslått i innspel blir omdisponert. Areal for bustadføre mål har også blitt vurdert ut i frå utsikt, solforhold og kor lang skuleveg det blir for barn. Avstandar frå sentrumskjerna har vore med i vurderinga for å styrka kommunesenteret og leggja til rette for sentrumsfunksjonar. Å opne for meir varierte bustadtilbod i Sveio sentrum, ved å leggja til rette for større areal til einestadar utanføre sentrumskjerna, og meir konsentrerte tilbod inne i sentrumskjerna, er tenkt å vera eit heilskapleg strategisk grep for utviklinga av heile kommunen. Ved å opne for konsentrert busetnad i Sveio sentrum, med variasjonar av leilegheiter, rekkjehus, fleirmannsbustadar o.l. er eit strategisk grep for å trekkje ein del av befolkninga som i dag bur i grendene inn til sentrum, der dei har tilgjenge til sentrale samfunnsfunksjonar. Dette vil då føre til at det opnar seg ei ny marknad med einestadar i grendene.

Det er også vurdert kva for samfunnsinteresser ulike landbruksareal/naturmangfald i planområdet har, då særleg fulldyrka areal og salamanderparken er vurdert som verdifullt, samt fugleliv og friluftsliv i Vigdarvatnet. Til rettelegging for meir gonge i sentrumsområdet er svært positivt. Det er derimot utfordringar i forhold til lite tilgjengelegheit til strandsona. Nedbygging av dyrka eller dyrkbar mark er vurdert negativt då det kan ha konsekvensar for drift på gardane i området. Det må sikrast god trafikktryggleik, universelt utforma vegtilkomst, støysoner og riktig dimensjonert vatn- og avlaupsanlegg. I tillegg er det viktig å sikra lokal overvasshandtering eller flaum og tilstrekkeleg trykk for sløkkjevatt. For å sikra naturmangfald på land og i vassdraget i Vikjo skal det utarbeidast ei forskrift med rammer for kva som er tillate av motorferdsel i Vigdarvatnet. Denne forskrifta skal setje rammer for fartsgrenser, maks storleik på båt/motorfartøy, samt kva for ferdsl som er tillate for denne delen av vatnet.

Nokre av innspela som er kome inn er ikkje konsekvensutgreidd i denne planen, då det er utanføre plangrensa og vil bli tatt vidare til vurdering i kommuneplanarbeidet.

Rapporten for konsekvensutgreiing er utarbeid i perioden mars-august 2021. KU-rapporten er gjennomgått ved justeringar av planforslaget i 2023.

Barn og unge sine interesser i planlegginga:

Gjennom barnetråkkregistreringar er det kartlagt barn og unge sine interesser i planlegginga. Dette arbeidet blei gjennomført i perioden april-mai i 2016, og rapporten vart ferdigstilt i 2018. Våren 2017 var også dei tre barnehagane i kommunen invitert til å koma med innspel i gjennomføringa av «barnetråkk». Føresette til barna fekk òg delta. Det var viktig å få oversikt over kva uteareal barnehagar og småbarnsfamiliar brukar i sentrumsområdet.

Barnetråkk-rapporten har fungert som kunnskapsgrunnlag for vurdering i samheng med barn og unge sine interesser i planlegginga. Ei av dei viktigaste oppgåvene i planprosessen har vore å sikra at alle barn og unge skal ha trygg skuleveg og ha moglegheit til trafiksikker tilkomst til venner i sentrumsområdet og til ulike fritidsaktivitetar.

Vurdering i høve til folkehelse:

Sveio kommune skal arbeida for å skapa gode oppvekst- og levekår i eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, fellesskap, likeverd, sjølvstende, tryggleik, berekraft og deltaking. Arbeide må omfatta alle aldersgrupper og livssituasjonar. Det folkehelsefremjande kommuneplanarbeidet må skje med fokus på arealbruk, samferdsle og transport, utvikling av livskraftige og helsefremjande lokalsamfunn og universell utforming.

Ved å leggja til rette for bygging av varierte tilbod av bustader i sentrumskjerna med auka grunnlag for etablering av meir handel, service og arbeidsplassar, gjev gode moglegheiter for å kunna gå og sykla for å utføra kvardagsfunksjonar. Det er også viktig å sikre naturlege møteplassar i sentrumsområdet

og i alle bustadfelt som er universelt utforma og tilpassa. Dette for å sikra sosialisering og integrering. Auka tilbod og fleire folk i sentrum vil skapa meir aktivitet og liv, noko som bidrar til betre folkehelse.

Vurdering i høve til klima og miljø:

Eit viktig tema å leggja til rette for er reduksjon av klimagassutsleppa, og å sikra klimatilpassing ved hjelp av god forvaltning av areala. Hovudfokuset i denne planen har vore å leggja til rette for mindre bilbruk gjennom auka gang- og sykkelbruk i sentrumsområdet. Klimaendringane er ein stor trussel for naturmangfald og matproduksjon. Det er difor viktig å sjå klimaendringane og naturmangfald i ein samanheng. Tema som klima og miljø må vera ein premiss for samfunnsutviklinga.

Samla vurdering:

Kommunedelplanen for Sveio sentrum inneber ikkje store endringar i forhold til gjeldande plan, og er vurdert med bakgrunn i konklusjonane i konsekvensutgreiinga. Planen er vurdert å gje tilstrekkeleg rom for naudsynt utbygging for å sikra fortsett folketalsvekst og etableringar av handels- og servicefunksjonar. Planen legg også til rette for betra trafikktryggleik og sikrar gode oppvekstvilkår for barn og unge. At planen legg til rette for moglegheiter for bustadar av ulike storleikar, sikrar alle grupper i befolkninga uavhengig av økonomiske og sosiale føresetnadar. Planframlegget er heilskapleg og grundig vurdert.

Rådmannen sin konklusjon

Planforslaget for Kommunedelplan for Sveio sentrum er klart for vedtak.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Plan- og bygningslova
- Forskrift om konsekvensutgreiing
- Kommuneplan for Sveio 2011-2023
- Kommunedelplan for Sveio Sentrum
- Gjeldande reguleringsplanar i Sveio sentrum

Vedlegg:

Føresegner KDP Sveio sentrum (18.09.23)

Planomtale KDP Sveio sentrum (18.09.23)

Plankart KDP Sveio sentrum (11.09.23)

Plankart arealoppsett KDP Sveio sentrum (11.09.23)

Vedlegg 1 Kommunedelplan Sveio sentrum merknadar etter 2 gongs offentleg ettersyn (2023)

Vedlegg 2 Kommunedelplan Sveio sentrum merknadar etter 1 gongs offentleg ettersyn (2022)



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/23	Eldrerådet	12.10.2023
030/23	Hovudutval helse/omsorg	16.10.2023
039/23	Hovudutval oppvekst/kultur	16.10.2023
060/23	Hovudutval teknisk/næring	16.10.2023
124/23	Formannskapet	23.10.2023
120/23	Kommunestyret	06.11.2023

Møteplan 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteplan for 2024, slik planen ligg føre, blir gjort gjeldande frå 1. januar 2024.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 120/23 Vedtak

1. Møteplan for 2024 blir gjort gjeldande frå 1. januar 2024, slik han ligg føre med endring som følger av pkt. 2.
2. Felles informasjonsmøte for formannskapa på Haugalandet 16. februar i regi av Sunnhordlandsrådet blir lagd inn i møteplanen.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Framlegg frå ordførar til tilleggspunkt:

Felles informasjonsmøte for formannskapa på Haugalandet 16. februar i regi av Sunnhordlandsrådet blir lagd inn i møteplanen.

Røysting: Hovudutvala si tilråding blei røysta over saman med ordførar sitt framlegg. Resultatet blei samrøystes for.

FOR - 124/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Møteplan for 2024 blir gjort gjeldande frå 1. januar 2024, slik han ligg føre med endring som følger av pkt. 2.
2. Felles informasjonsmøte for formannskapa på Haugalandet 16. februar i regi av Sunnhordlandsrådet blir lagd inn i møteplanen.

Hovudutval teknisk/næring 16.10.2023:

Behandling:

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN - 060/23 Vedtak

Tilråding til formannskapet:

Møteplan for 2024, slik planen ligg føre, blir gjort gjeldande frå 1. januar 2024.

Hovudutval oppvekst/kultur 16.10.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

HOK - 039/23 Vedtak

Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til kommunestyret:

Møteplan for 2024, slik planen ligg føre, blir gjort gjeldande frå 1. januar 2024.

Hovudutval helse/omsorg 16.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

HHO - 030/23 Vedtak

Hovudutval helse/omsorg si tilråding til formannskapet:

Møteplan for 2024, slik planen ligg føre, blir gjort gjeldande frå 1. januar 2024.

Saksutgreiing

Rådmannen fremmar med dette forslag til politisk møteplan for 2024.

Datoar og klokkeslett som skil seg frå ordinært mønster er utheva. Møte som ikkje er ein del av den ordinære saksgangen er markerte i kursiv. (Dette gjeld typisk visse formannskapsmøte, samt møta i klimautvalet.)

Nokon omgrepsavklaringar/forkortingar

Utvida formannskap betyr at alle gruppeleiarane i kommunestyret blir invitert med i møtet, med talerett.

Formannskapsmøte med eksterne styrerepresentantar inneber at folkevalde og andre som kommunestyret har utpeikt til verv i representantskap, styre, generalforsamlingar etc. i ulike organisasjonar blir inviterte inn for å gi ei kort utgreiing om arbeidet i det aktuelle organet.

Innsp. bud. er forkorting for «innspel til budsjettet» frå formannskapet til rådmann. Framl. budsjett viser til at rådmannen presenterer sitt framlegg til budsjett, mens spm. bud. er ei forkorting for «spørsmål til budsjett» frå formannskapet til rådmann. Bud.innstil. viser til at formannskapet gir si innstilling til budsjettvedtak til kommunestyret.

Innbyggars halvtime

Dei siste åra har «Innbyggars halvtime» vore inkorporert i møteplanen, som ein halvtime i forkant av to formannskapsmøte i året, kor innbyggjarar har blitt oppfordra til å melda inn saker dei ønsker å leggja fram for formannskapet gjennom eit munnleg innlegg. Berre eit par stykk har nytta seg av høvet, og rådmannen oppfordrar kommunestyret til å vurdere om det framleis er behov for å ha ei slik ordning med i møteplanen.



Saksbehandlar: Marit Persen Liknes

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/23	Hovudutval oppvekst/kultur	16.10.2023
125/23	Formannskapet	23.10.2023
121/23	Kommunestyret	06.11.2023

Nyskapande aktivitetanlegg – Veggen vidare

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rådmannen får i oppdrag å utgreia vidare etablering av «Nyskapande aktivitetanlegg».
2. Tilrådingane frå Link Arkitektur AS Bergen, både i «Rapport Mulighetsstudie» og i «Anbefaling om entreprisform – Aktivitetanlegg i Sveio» skal vere førande i arbeidet.
3. Endeleg tilråding om utbygging skal leggest fram til politisk behandling før sommaren 2024, saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan.
4. Kostnaden med vidare planleggingsarbeid skal dekkast av kr 1 million øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg frå John Kristian Økland (H) til vedtak på vegner av Høgre, FrP, KrF og Sp:

Rådmannen får i oppdrag å utgreia vidare etablering av «Nyskapande aktivitetanlegg» basert på følgjande plan for framdrift:

1. Forslaga frå Link Arkitektur scenario 2 «Maksimal måloppnåelse» blir modna vidare fram mot endeleg tilråding sommaren 2024 saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan.
2. Som ein del av utviklinga av nyskapande aktivitetanlegg skal det etablerast ein «fotballhall» som kvalifiserer til spelemidlar tilsvarande maksimalt ein 9-ar-bane. Hallen skal ha fleirbrukspotensiale og kan, dersom det vurderast hensiktsmessig, plasserast separat frå Vigdartun men framleis som ein del av sentralidrettsanlegget. Dette initiativet skal fortrinnsvis realiserast av brukarane av hallen i samarbeid med kommunen, som vil bidra med økonomisk støtte.

Kommunen vil i samband med denne saka samordna realisering av ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget og Sveio skule. Endeleg tilråding med plan for utvikling, driftsmodell, kostnadsoverslag, finansieringsplan og kommunal støtte planleggast til desember 2024.

3. Rådmannen blir bedd om å i neste møteserie gi ei orientering om innhald og status på arbeidet som så langt er gjort på kommunestyret si siste bestilling knytt til nytt badeanlegg.

Kostnaden med vidare planleggingsarbeid skal dekkast av 1 million kroner øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Framlegget blei seinare trekt.

Framlegg frå Linn Therese Erve (Ap) til nytt pkt. 3:

Som ein del av utviding av sentralidrettsanlegget, skal rådmannen arbeida vidare med realisering av badeanlegg etter tidlegare vedtatte kostnadsrammer. Sak blir lagd fram for kommunestyret første møteserie 2024.

Framlegget blei seinare trekt.

Framlegg frå Asle Georg Halleraker (TvF) til vedtak:

Punkt 1: Nyskapande aktivitetsanlegg – ombygging av Vigdartun

Forslaga frå Link Arkitektur scenario 1 «Minst mulig endring» og scenario 2 «Maksimal måloppnåelse», blir arbeidd med vidare fram mot endeleg tilråding sommaren 2024 saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan innan juni 2024 for begge alternativa.

Punkt 2: Fotballhall 2a / idrettshall 2b / innebygd kunstgrasbane 3c

a) Fotballhall som ein 9-ar-bane. Fotballhallen skal fortrinnsvis realiserast av dei organisasjonane som er brukarar av hallen. Her bør ein vurdere ein lokasjon nord for noverande kunstgrasbane. Kommunen vil bidra med økonomisk støtte etter søknad. Rådmannen blir bedd om å laga ei kartskisse som viser korleis ein fotballhall som inneheld ein 9-ar-bane kan bli plassert i området sentralidrettsanlegget, vidare ber ein òg om at det blir laga ei kartskisse som viser hallen plassert i området som i sentrumsplanen er definert som BN3/BN4 – nord for noverande kunstgrasbane.

b) Idrettshall (25 x 40), der den eine tredjedelen skal vera dedikert karate/fleirbruk i kombinasjon med noverande Vigdartun. Idrettshallen skal fortrinnsvis realiserast av dei organisasjonane som er brukarar av hallen. Kommunen vil bidra med økonomisk støtte etter søknad.

c) Ber rådmannen i ei eiga sak om å undersøka eit tiltak der ein bygger inn noverande kunstgrasbane. Kommunestyret ber rådmannen leggja frem eit notat om dette i første møteserie 2024.

Kommunen kan, etter søknad, gi et starttilskot som fortrinnsvis skal gå til utarbeiding av arkitektheikningar av anlegga. Starttilskotet blir trekt frå kommunen si økonomiske støtte til anlegget, når slik søknad blir fremma.

Bakgrunnen for punkt 2 i vedtaket er kommunestyret sitt ønske om å motivera og leggja til rette for at organisasjonar skal bygga og drifta egne anlegg.

Kommunestyret sitt vedtak i sak KOM-030/23 *Klage på gebyr for byggesaktenester – Gnr. 7, bnr. 8*. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak som omhandlar retningslinjer for kommunalt tilskot til frivillige lag og organisasjonar i samband med nybygg, utviding og rehabilitering av bygg og anlegg.

Retningslinjer må beskriva kva nybygg, utviding og rehabilitering av bygg og anlegg dei skal gjelda for, og kva kostnadsarter som skal inngå i grunnlaget for det kommunale tilskotet, og kva rutinar prosjektet må følga for at det skal vera godkjent for støtte. Retningslinjene må òg beskriva om og når prosjektet må ha politisk godkjenning.

Punkt 3: Ny veg og trafikksikringstiltak

Kommunen vil i samband med denne saka samordna realisering av ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget og Sveio skule. Vardehaugen/knausen må planerast og steinen må enten seljast eller brukast til andre kommunale investeringsprosjekt. Ein ber rådmannen om reguleringsplan for området og ei sak til endeleg godkjenning til tredje møteserie 2024.

Punkt 4: Badeanlegg

Badeanlegget blir arbeidd med vidare innanfor vedtatt økonomisk ramme for driftstilskot avgrensa til 1 % av Sveio kommune sitt totale driftsbudsjett. Målet er å framskaffe eit realiserbart anlegg med attraktivitet som står i samsvar med innsatsfaktorane.

Kommunestyret ber rådmannen legge fram ei sak om dette i første møteserie etter nyåret.

Kostnaden med vidare planlegging av punkta over skal dekkast av 1 million kroner øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Punkt 3 og 4 blei seinare trekt og erstatta av eit anna framlegg til vedtak.

Framlegg frå John Kristian Økland (H) til vedtak på vegner av Høgre, FrP, KrF og Sp:

Rådmannen får i oppdrag å utgreia vidare etablering av «Nyskapande aktivitetsanlegg» basert på følgjande plan for framdrift:

1. Forslaga frå Link Arkitektur scenario 2 «Maksimal måloppnåelse» blir modna vidare fram mot endeleg tilråding sommaren 2024 saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan.
2. Som ein del av utviklinga av nyskapande aktivitetsanlegg skal det etablerast ein «fotballhall» som kvalifiserer til spelemidlar tilsvarande maksimalt ein 9-ar-bane. Hallen skal ha fleirbrukspotensiale og kan, dersom det vurderast hensiktsmessig, plasserast separat frå Vigdartun men framleis som ein del av sentralidrettsanlegget. Det kan òg vurderast å bygga tak over eksisterande kunstgrasbane. Initiativet knytt til fotballhall skal realiserast av brukarane av hallen i samarbeid med kommunen, som vil bidra med økonomisk støtte. Kommunen vil i samband med denne saka samordna realisering av ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget og Sveio skule. Endeleg tilråding med plan for utvikling, driftsmodell, kostnadsoverslag, finansieringsplan og kommunal støtte planleggast til desember 2024.
3. Rådmannen blir bedd om å i neste møteserie gi ei orientering om innhald og status på arbeidet som så langt er gjort på kommunestyret si siste bestilling knytt til nytt badeanlegg.
4. Rådmannen blir bedd om å laga ei kartskeisse som viser korleis ein fotballhall som inneheld ein 9-ar-bane kan bli plassert i området sentralidrettsanlegget.

Kostnaden med vidare planleggingsarbeid skal dekkast av 1 million kroner øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Framlegg frå Asle Georg Halleraker (TvF) til nytt pkt. 3 og 4 på vegner av TvF og Ap:

Punkt 3: Badeanlegg

Badeanlegget blir modna vidare innanfor vedtatt økonomisk ramme for driftstilskot avgrensa til 1 % av Sveio kommune sitt totale driftsbudsjett. Målet er å framskaffa eit realiserbart anlegg med attraktivitet som står i samsvar med innsatsfaktorane. Kostnaden med vidare planlegging av punkta over skal dekkast av 1 million kroner øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Punkt 4: Kartskisse

Rådmannen blir bedd om å laga ei kartskisse for heile området som viser korleis ein fotballhall (9-ar-bane), idrettshall og badeanlegg som kan bli plassert i området sentralidrettsanlegget. Vidare ber ein òg om at det blir laga ei kartskisse som viser hallen plassert eksempelvis i området som i sentrumsplanen er definert som BN3/BN4 – nord for noverande kunstgrasbane.

Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak om dette i første møteserie etter nyåret.

Røysting:

Det blei først røysta over formannskapet si tilråding. Resultatet blei samrøystes mot.

Framlegga frå Halleraker (TvF) og Økland (H) blei sett opp mot kvarandre, og blei røysta over punktvis. Punkta frå Økland (H) sitt framlegg blei vedtatt, med følgande røyteresultat:

Innleiande tekst og punkt 1 blei vedtatt med 22 mot 3 røyster (mindretalet: TvF og MDG).

Punkt 2 blei vedtatt med 23 mot 2 røyster (mindretalet: TvF).

Punkt 3 blei vedtatt med 17 mot 8 røyster (mindretalet: TvF, SV og Ap)

Punkt 4 og avsluttande tekst blei vedtatt med 18 mot 7 røyster (mindretalet: TvF og Ap).

KOM - 121/23 Vedtak

Rådmannen får i oppdrag å utgreia vidare etablering av «Nyskapande aktivetsanlegg» basert på følgande plan for framdrift:

1. Forslaga frå Link Arkitektur scenario 2 «Maksimal måloppnåelse» blir modna vidare fram mot endeleg tilråding sommaren 2024 saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan.
2. Som ein del av utviklinga av nyskapande aktivetsanlegg skal det etablerast ein «fotballhall» som kvalifiserer til spelemidlar tilsvarande maksimalt ein 9-ar-bane. Hallen skal ha fleirbrukspotensiale og kan, dersom det vurderast hensiktsmessig, plasserast separat frå Vigdartun men framleis som ein del av sentralidrettsanlegget. Det kan òg vurderast å bygga tak over eksisterande kunstgrasbane. Initiativet knytt til fotballhall skal realiserast av brukarane av hallen i samarbeid med kommunen, som vil bidra med økonomisk støtte. Kommunen vil i samband med denne saka samordna realisering av ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget og Sveio skule. Endeleg tilråding med plan for utvikling, driftsmodell, kostnadsoverslag, finansieringsplan og kommunal støtte planleggast til desember 2024.
3. Rådmannen blir bedd om å i neste møteserie gi ei orientering om innhald og status på arbeidet som så langt er gjort på kommunestyret si siste bestilling knytt til nytt badeanlegg.

4. Rådmannen blir bedd om å laga ei kartskisse som viser korleis ein fotballhall som inneheld ein 9-ar-bane kan bli plassert i området sentralidrettsanlegget.

Kostnaden med vidare planleggingsarbeid skal dekkast av 1 million kroner øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Linn Therese Erve (Ap) fremma forslag om at sak om badeanlegg skal komma tilbake til kommunestyret til andre møteserie 2024. Rådmannen viste til at ein kan gi ei orientering i førstekommende kommunestyre, og etter innspel frå Erve røysta formannskapet derfor ikkje over framlegget.

Røysting: Samrøystes som hovudutval teknisk/næring si tilråding.

FOR - 125/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Rådmannen får i oppdrag å utgreia vidare etablering av «Nyskapande aktivitetsanlegg» basert på følgende plan for framdrift:

1. Forslaga frå Link Arkitektur scenario 2 «Maksimal måloppnåelse» blir modna vidare fram mot endeleg tilråding sommaren 2024 saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan.
2. Som ein del av utviklinga av nyskapande aktivitetsanlegg skal det etablerast ein fotballhall som kvalifiserer til spelemidlar tilsvarande maksimalt ein 9-er-bane. Hallen skal ha fleirbrukspotensiale og kan, dersom det vurderast hensiktsmessig, plasserast separat frå Vigdartun, men framleis som ein del av sentralidrettsanlegget. Dette initiativet skal fortrinnsvis realiserast av brukarane av hallen i samarbeid med kommunen, som vil bidra med økonomisk støtte.
Kommunen vil i samband med denne saka samordna realisering av ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget og Sveio skule. Endeleg tilråding med plan for utvikling, driftsmodell, kostnadsoverslag, finansieringsplan og kommunal støtte planleggast til desember 2024.
3. Badeanlegg blir modna vidare innanfor vedtatt økonomisk ramme for driftstilskot avgrensa til 1 % av Sveio kommune sitt totale driftsbudsjett. Målet er å framskaffa eit realiserbart anlegg med attraktivitet som står i samsvar med innsatsfaktorane.

Kostnaden med vidare planleggingsarbeid skal dekkast av 1 million kroner øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Hovudutval oppvekst/kultur 16.10.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg til vedtak frå John Kr. Økland (H) på vegner av Høgre, FrP, KrF og Sp:

Rådmannen får i oppdrag å utgreia vidare etablering av «Nyskapande aktivitetsanlegg» basert på følgende plan for framdrift:

1. Forslaga frå Link Arkitektur scenario 2 «Maksimal måloppnåelse» blir modna vidare fram mot endeleg tilråding sommaren 2024 saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan.
2. Som ein del av utviklinga av nyskapande aktivitetsanlegg skal det etablerast ein fotballhall som kvalifiserer til spelemidlar tilsvarande maksimalt ein 9-er-bane. Hallen skal ha fleirbrukspotensiale og kan, dersom det vurderast hensiktsmessig, plasserast separat frå Vigdartun, men framleis som ein del av sentralidrettsanlegget. Dette initiativet skal fortrinnsvis realiserast av brukarane av hallen i samarbeid med kommunen, som vil bidra med økonomisk støtte.
Kommunen vil i samband med denne saka samordna realisering av ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget og Sveio skule. Endeleg tilråding med plan for utvikling, driftsmodell, kostnadsoverslag, finansieringsplan og kommunal støtte planleggast til desember 2024.
3. Badeanlegg blir modna vidare innanfor vedtatt økonomisk ramme for driftstilskot avgrensa til 1 % av Sveio kommune sitt totale driftsbudsjett. Målet er å framskaffa eit realiserbart anlegg med attraktivitet som står i samsvar med innsatsfaktorane.

Kostnaden med vidare planleggingsarbeid skal dekkast av 1 million kroner øyremerkta formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Røysting: Rådmannen sitt framlegg blei sett opp mot framlegget frå Økland (H). Resultatet blei samrøystes i favør av sistnemnde.

HOK - 040/23 Vedtak

Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:

Rådmannen får i oppdrag å utgreia vidare etablering av «Nyskapande aktivitetsanlegg» basert på følgende plan for framdrift:

1. Forslaga frå Link Arkitektur scenario 2 «Maksimal måloppnåelse» blir modna vidare fram mot endeleg tilråding sommaren 2024 saman med kostnadsoverslag og finansieringsplan.
2. Som ein del av utviklinga av nyskapande aktivitetsanlegg skal det etablerast ein fotballhall som kvalifiserer til spelemidlar tilsvarande maksimalt ein 9-er-bane. Hallen skal ha fleirbrukspotensiale og kan, dersom det vurderast hensiktsmessig, plasserast separat frå Vigdartun, men framleis som ein del av sentralidrettsanlegget. Dette initiativet skal fortrinnsvis realiserast av brukarane av hallen i samarbeid med kommunen, som vil bidra med økonomisk støtte.
Kommunen vil i samband med denne saka samordna realisering av ny tilkomstveg til sentralidrettsanlegget og Sveio skule. Endeleg tilråding med plan for utvikling, driftsmodell, kostnadsoverslag, finansieringsplan og kommunal støtte planleggast til desember 2024.
3. Badeanlegg blir modna vidare innanfor vedtatt økonomisk ramme for driftstilskot avgrensa til 1 % av Sveio kommune sitt totale driftsbudsjett. Målet er å framskaffa eit realiserbart anlegg med attraktivitet som står i samsvar med innsatsfaktorane.

Kostnaden med vidare planleggingsarbeid skal dekkast av 1 million kroner øyremerka formålet i revidert budsjett for 2023, vedtatt juni 2023.

Saksutgreiing

Samandrag

Sveio kommune var i løpet av 2022/2023 med i Vestland fylkeskommune sitt prosjekt etablering av «Nyskapande aktivitetsanlegg.» Link Arkitektur AS Bergen hadde på oppdrag frå fylkeskommunen, ei kartlegging av dei reelle behova i Sveio kommune i løpet av våren 2023. Funn og konklusjon av Link Arkitektur AS Bergen sitt arbeid m.a. gjennom medverknadsprosesser, er samla i dokumentet «Rapport Mulighetsstudie».

I rapporten kjem det tydeleg fram kva som manglar på Vigdartun kultursenter per i dag og kva som må til for å imøtekomme behova brukarane og tilsette har. I kartlegginga er det registrert konflikter knytt til deling av lokale. Vidare er det kome innspel på at areala i eksisterande bygg for små for ein del av dei laga og organisasjonane som har aktivitet knytt til idrettshallen m.a. Sveio idrettslag og Sveio drill. Det er i tillegg lite rom for å etablere nye aktivitetar, då det ikkje er areal til disposisjon for dette i dagens Vigdartun. Utanfor eit tilbod om å få disponere kommunalt areal står Sveio karateklubb, som p.t. har sin aktivitet i lokale ved Kiwi. Dei kommunal tilbod som gjer at dei kan drive på same vilkår som annan aktivitet og vil tilby aktivitet lokalisert saman med andre aktivitetar på Vigdartun i framtida.

Scenario ein og to peiker på løysingar som er baserte på kva lokale og aktivitetsbehov det er behov for i Sveio kommune, for å gje innbyggjarane eit godt tilbod i åra som kjem.

Scenario ein

- viser små grep som kan gjerast i bygget, for å gje ein god plassering av bibliotek og leggje til rette areal for unge på ein god måte. For å løyse dette er det foreslått å bygge på ein mindre aktivitetssal, som kan delast ved behov. Dermed vil det liggje til rette for å gje tilbod om aktivitetsareal for karateklubben og ein eller fleire andre aktivitetar. I forslaget blir det også peika på kva potensiale det er i å kunne utvikle auditoriet til ein arena for lokal kino, noko Edda Kino i Haugesund er open for.

I scenario to

- er det vist korleis ein kan løyse mest mogleg av dei kartlagde behova. Løysinga frå scenario ein er med vidare i dette scenarioet. I tillegg er det foreslått å byggje ein aktivitetssal nr to nært arealet for unge. Romma her skal også vere fleksible i bruken, og skal kunne delast opp i mindre areal for å gje plass til fleire mindre aktivitetar om ein har behov for det. I dette alternativet har inngangspartiet fått eit noko større areal for å gje plass til ein liten vestibyle med plass til t.d. kafé. Mellom eksisterande bygg og utandørs amfi blir det foreslått å bygge tak, som gjer at uteområda blir meir attraktive å bruke m.a. for ungdomsskulen, som peikte på dette behovet i kartlegginga.

Felles for dei to alternativa

- er at alle delar av bygget får kvar sin inngang. Det er foreslått fleksible vegger og system for å låse, som gjer at idrettshall, skuledel, areala for unge, bibliotek og kino, kan driftast uavhengig av kvarandre. Samtidig kan ein opne opp ved behov og skape større møteplasser. Denne løysinga vil gje effektiv og økonomisk drift, og kan minske konflikter mellom dei som bruker bygget, samtidig som deira behov blir imøtekomme. Sjå elles vedlegg.

Kommunestyret i Sveio fekk rapporten frå Link Arkitektur AS Bergen til orientering i sak 085/23 25.09.23. Sjå vedlegg.

I tillegg til rapporten har Link Arkitektur Bergen AS, etter førespurnad frå Rådmannen, laga ei tilråding om vegen vidare. I tilrådinga er tema som medverknadsprosess vidare og entreprisform omtala. Sjå vedlegg.

Milepælsplan:

Link Arkitektur Bergen AS har skissert ein milepælsplan, som følger under. Fase 1 var ferdig sommaren 2023, då «Rapport mulighetsstudie» var overlevert Sveio kommune. Vi skal no arbeide vidare med fase 2.

Fase 2:

Anbudsfasen med funksjonsbeskrivelse med kvalitetskrav frå byggherre, Milepæl: Ferdig anbudsstoff for utsending til entreprenør.

- Funksjonsbeskrivelse av dei ulike scenarioa; dei to aktivitetsareala, rehabilitering av auditoriet, ombygging av eksisterande bygg (flytting av bibliotek og del for unge), tak over amfi, ny idrettshall (måla til enkel volleyballhall) og ny symjehall.
- Kartlegge og avklare utbyggingsrekkefølge innan ramma for «Nyskapande aktivitetsanlegg»
- Kostnadsoverslag for dei ulike delane av utbygginga (ref. punkt ovanfor)
- Finansieringsplan for dei ulike delane av utbygginga (ref. punkt ovanfor)
- Politisk avklaring på utbygging, scenario ein, scenario to eller delvis utbygging der ein det blir laga ein utbyggingsplan som viser tiltak for tiltak, som kan bli bygde over tid.

Fase 3: Samspelsfasen med open bok for å presisere forventningar og behov som blir låste til gjennomføring. Detaljprosjektering og søknadsprosedyre, Milepæl: Arbeidsteikningar og planlagt plan for rigg/drift av byggeplass.

Fase 4: Gjennomføring av byggeprosjektet med oppfølging, 6mnd. Milepæl: Ferdigstilling og overlevert FDV-dokumentasjon og ferdigattest

Bakgrunn for saka

Link Arkitektur AS Bergen sin «Rapport Mulighetstudie» beskriver situasjonen pr. no på Vigdartun kultursenter. I rapporten ligg informasjon om tilhøva og behova til dei som alt har sine aktiviteter på bygget. Den gjev også ei beskriving av kva dei som står utanfor eit aktivitetstilbod etterspør. I «Rapport Mulighetstudie» legg Link Arkitektur Bergen AS fram to ulike scenario; eit med «Minst mulig endringar» pkt. 2.2. i rapporten og med «Maksimal måloppnåelse» 2.3. Dei endringane, som er foreslått, kan gjerast samla eller stegvis. Rapporten viser også korleis tilrådde endringar, kan implementerast i planar om bygging av badeanlegg og idrettshall.

Bakgrunnen for at Sveio kommune deltok i Vestland fylkeskommune sitt prosjekt, var å få hjelp til å kartlegge reelle behov, både for dei som er i organisert aktivitet og for dei som står utan eit aktivitetstilbod. Ei utfordring i prosjektet var å sjå på utnyttingsgrad på eksisterande bygningsmasse og korleis eventuelt nytt areal kunne bidra til å møte visjonen for prosjektet: «VILJE TIL VEKST OG EIN GOD STAD Å LEVA – MED AKTIV FRITID OG TRIVSEL FOR ALLE».

Under vegs i arbeidet, og på bakgrunn av kartleggingane, vart det peika ut prioriterte utfordringar ein ønskte å løyse i mogleighetsstudiet:

- overlappande behov hos forskjellige grupper, sterke behov hos nokre, som dei ikkje får møtt andre stader
- motverke utviklinga av negative miljø
- aldersgrupper – differensierte og blanda
- uorganisert, eigenorganisert og drop-in – aktivitet
- sosial arena – kafé- kjøken

Saks- og faktaopplysningar

Vestland fylkeskommune sitt prosjekt av «Nyskapande aktivitetanlegg», har som målsetting å få etablert gode anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og i tillegg leggje til rette gode møteplasser. Møteplasser er viktig både for den fysiske og psykiske helsa til alle grupper av befolkninga og er ein viktig faktor i utvikling av gode nærmiljø.

Satsing på gode og attraktive møteplasser der ein legg til rette for lågterskel tilbod for fysisk aktivitet, i tillegg til det tilbodet den organiserte idretten gjev, vil vere viktige bidrag til god folkehelse. Folkehelse må her sjåast i ein samanheng, der fysisk/psykisk og sosial helse er viktige faktorar.

I Link Arkitektur AS Bergen si tilråding foreslår dei følgjande utbygging for å møte behova til innbyggerane i Sveio kommune:

- idrettshall med mål tilsvarande ein volleyballhall (16x24m, som svarer til 1/3 av arealet i eksisterande idrettshall, som er definert som ein fleirbrukshall, med areal til tre volleyballbanar)
- aktivitetshall på 150m², som kan delast i tre, for å gje rom til t.d. e-sport, bordtennis, kampsport, dans, fekting, vektløfting m.v.
- aktivitetshall på 350m², som kan delast i tre, for å gje rom til ein eller fleire aktivitetar (m.a. karateklubben, som står utan kommunalt tilbod om lån av aktivitetsareal)
- ombygging av eksisterande bygningsmasse på Vigdartun kultursenter, ved å m.a. bytte om areala til Sveio folkebibliotek (til frontparti mot Sveiogata) og arealet nytta til Sveio skule ungdomstrinnet (mot baksida av bygget, mot amfiet)

Skisser i «Rapport mulighetsstudie» viser korleis areala det er foreslått å utvide med kan plasserast, for å imøtekomme krav til lokalisering saman med framtidig badeanlegg og ny idrettshall. Vidare foreslår Link Arkitektur Bergen AS korleis ein kan snu om på eksisterande funksjonar på Vigdartun kultursenter, for å få brukt bygget på ein betre måte i dag, både for dei som bruker bygget og for dei som har arbeidsplassen sin der. Frå ungdommen si side, dei som er på bygget i skuletida og på ettermiddagstid, blir det peika på behov for å ha meir avskjerma område. Slik vestibyleområdet er utforma i dag, føler dei seg eksponerte m.a. av dei som går til og frå biblioteket. På ein annan side peiker mindre born, vaksne og eldre på, at dei til tider kan føle seg uttrygge, når dei må forsere eit areal fylt med ungdommar, som både er store og som til tider kan lage mykje støy. Tilsette på Sveio folkebibliotek opplever aktivitet og støy idrettshallen forstyrrende og plagsam for helsa til dei tilsette i deira arbeidskvardag, noko som til tider fører til at arbeid frå heimekontor når dette let seg gjere.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

I kartlegginga Link Arkitektur AS Bergen har gjort er dei som bruker Vigdartun kultursenter inviterte til å gje innspel og komme med uttale. Ikkje alle har nytta seg av denne moglegheita. Vidare er så mange som mogleg av andre potensielle framtidige brukarar høyrde, i tillegg til tilsette på Vigdartun

kultursenter og tilsette elles som har med barn, unge, vaksne og eldre å gjere i sitt virke. Sveio eldreråd, Sveio ungdomsråd og Rådet for funksjonshemma er mellom dei som har gitt uttale og innspel, og som Link Arkitektur AS Bergen har tatt omsyn til i sine tilrådingar for utforming og innhald i eit framtidig anlegg.

I kartlegginga peiker idretten på behov for å kunne disponere fleire aktivitetsflater, og dei som er eigenorganiserte ønsker areal som gjer at dei i kan vere inkludert i aktivitetstilboda på Vigdartun kultursenter. Dei tilsette ønsker felles kontorfasilitetar, både for å dra vekslar på kvarandre og leggje til rette for eit breiare samarbeid i kvardagen, i tillegg til lokale som er meir synlege og funksjonelle for publikum.

Konsekvensar

Ikkje vurdert i denne saka.

FN sine berekraftsmål

Ikkje vurdert i denne saka.

Økonomiske konsekvensar

Det er ikkje laga kostnadskalkylar eller overslag på dette stadiet.

Nye areal kan finansierast med tilskot frå spelemidlane, med unntak av ombygging av eksisterande areal på Vigdartun kultursenter:

- idrettshall, med måla til ein volleyballhall; maksimalt tilskot kr 2 800 000*
- aktivitetshall på 150m²; maksimalt tilskot kr 700 000**
- aktivitetshall på 350m²; maksimalt tilskot kr 1 700 000**

*må ha eigne garderober og lager; tilskot min. 50m² kr 300 000 pr. sett (garderober) og min. 50m² kr 300 000 (lager)

** må ha tilgang til garderober og lager. Kan nytte eksisterande knytt til eksisterande idrettshall.

I investeringsbudsjett, er det sett av kr 27 millionar til bygging av aktivitetsanlegg. I utgangspunktet var denne summen sett av til bygging av fleirbrukshall. I ei kartlegging, gjennomført av Sveio kommune sjølv i 2019-2020, vart det vist til omfattande ønsker om utbygging frå idretten og andre. Samla ønske om nye areal vart rekna til omlag 5.000m², noko som ville vore kostnadskrevjande både med omsyn til investering og drift. Kommunestyret vedtok i denne prosessen å endre vedtak frå å gjelde fleirbrukshall til aktivitetsanlegg, for sidan å komme fram til ein konklusjon om kva areal ein til slutt skulle bygge.

Beredskap

Ikkje vurdert i denne saka.

Vurdering

Kartleggingane som er gjort av Link Arkitektur AS Bergen viser at det er behov for at det blir bygd fleire aktivitetsflater i Sveio kommune. Nye areal bør både sikre at basisbehova til idretten blir dekkja. Samtidig viser Link Arkitektur Bergen AS til at ein må ha fokus på å bygge areal som også kan vere til disposisjon for eigenorganisert aktivitet. Dei to mindre aktivitetsalane blir foreslått å kunne dele opp ved behov, for å ha gode løysingar som opnar for mykje og allsidig aktivitet og bruk.

Vidare ligg det i Link Arkitektur Bergen AS sitt forslag til utforming, både av ny og eksisterande

bygningssmasse, ei utforming av areal og funksjonar, som sikrar optimal utnytting for å gje gode vilkår for bruk, men også for å gje så låge driftskostnader som mogleg.

Bygget som er foreslått av Link Arkitektur Bergen AS opnar difor for å avgrense areal, for at brukarane i størst mogleg grad skal kunne ta ansvar for bruksarealet dei bruker. Samtidig gjev skisserte løysingar anledning til sambruk av arealet i bygget, ved at ein kan gje tilgang til anna areal enn det ein normalt bruker t.d. kjøken, vringleareal osv. Slike anledningar kan t.d. vere dersom det blir arrangert turneringar, cup, konsert, seminar o.l.

Link Arkitektur AS Bergen tilrår vegen vidare i «Anbefaling om entrepriseform – Aktivitetsanlegg i Sveio». Bakgrunnen for tilrådingane er å sikre at alternativa i moglegheitsstudiet, som er utarbeida etter brei medverknadsprosess blir inkludert i planlegginga og gjennomføring vidare. Dette gjeld både økonomiske føringar og funksjonalitet.

Link Arkitektur Bergen AS tilrår Totalentreprise for gjennomføring av prosjektet, og vidare, at arkitekt/interiørarkitekt blir med i vidare planlegging av prosjektet enten til entreprenør som fagleg rådgjevar eller som representant for byggherre.

Link Arkitektur Bergen AS peiker på at det kan vere viktig å gjennomføre samspelsfase med vald entreprenør før endeleg løysing blir låst. Årsaken er at ein på denne måten, vil kunne ha kontroll og anledning til å gjere endringar og kutt, i tråd med kartlagde behov i kartleggings- og medverknadsprosess.

Arkitekt/interiørarkitekt vil kunne vere representant, slik at løysingane som blir lagt til grunn i kravspesifikasjon blir ivaretatt.

Fasane Link Arkitektur Bergen AS skisserer er slik:

Fase 1: medverknadsprosess med resultat i alternativ moglegheitsstudie, Milepæl 1: val av entrepriseform: Totalentreprise m/ tiltransportering av arkitekt/interiørarkitekt

Fase 2: Anbudsfase med funksjonsbeskriving med kvalitetskrav frå byggherre, Milepæl 2: Ferdig anbuds materiell for utsending til entreprenør.

Fase 3: Samspelsfase med open bok for å presisere forventningar og behov som blir låste til gjennomføring. Detaljprosjektering og søknadsprosedyre, Milepæl 3: Arbeidsteikningar og planlagt plan for rigg/drift av byggeplass.

Fase 4: Gjennomføring av byggeprosjektet med oppfølging,. Milepæl 4: Ferdigstilling og overlevert FDV-dokumentasjon og ferdigattest.

Før skissert prosess startar må ein avklare kva forventning ein har til korleis prosjektet skal realiserast og gjennomførast. I denne fasen er det viktig å få avklart kva omfang utbyggingane skal ha; minst mogleg endringar eller maksimal måloppnåing.

Rådmannen sin konklusjon

I revidert budsjett for Sveio kommune vart det i juni 2023 sett av kr 1 million til vidare planlegging. Rådmannen ønsker å følgje opp prosjektet i tråd med tilrådinga frå Link Arkitektur Bergen AS i planlegginga mot realisering av nye aktivitetsflater og eventuell ombygging av eksisterande bygningssmasse.

I prosessen må det utarbeidast kostnadsoverslag og finansieringsplan, som kan nyttast vidare som ein del av grunnlaget for beslutning, før endeleg vedtak om bygging og/eller ombygging vert gjort.

Fase 1 skissert av Link Arkitektur AS Bergen er gjennomført og vart avslutta med oversending av «Rapport mulighetsstudie». Dersom det blir gitt klarsignal for å gå vidare i planlegginga av å etablere «Nyskapande aktivitetsanlegg, vil Rådmannen følgje plan for milepæler som Link Arkitektur Bergen AS skisserer. Oppstart av fase 2 Anbudsphase med funksjonsbeskrivelse med kvalitetskrav frå byggherre blir då snarast etter positivt vedtak i kommunestyret ligg føre.



Saksbehandlar: Ingunn Toft

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/23	Eldrerådet	12.10.2023
031/23	Hovudutval helse/omsorg	16.10.2023
126/23	Formannskapet	23.10.2023
122/23	Kommunestyret	06.11.2023

Planprogram – Bustadsosial handlingsplan

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogram for bustadsosial handlingsplan vert vedteke.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 122/23 Vedtak

Planprogram for bustadsosial handlingsplan vert vedteke.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som hovudutval helse/omsorg si tilråding.

FOR - 126/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Planprogram for bustadsosial handlingsplan vert vedteke.

Hovudutval helse/omsorg 16.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

HHO - 031/23 Vedtak

Hovudutval helse/omsorg si tilråding til formannskapet:

Planprogram for bustadsosial handlingsplan vert vedteke.

Saksutgreiing

Samandrag

Ny bustadsosial lov gjeld frå 1. juli 2023. Føremålet med lova er å førebygge bustadsosiale utfordringar og å bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Planprogrammet gjev rammene for planarbeidet som skal føra fram til endeleg planvedtak i Sveio kommunestyre i april 2024.

I handsaming av politisk sak kom- 057/23 om å legge ut Planprogram for bustadsosial handlingsplan ut på høyring, vart frist utsett frå 15.08.23 til 15.09.23. Planprosess med fristar og deltaking er i planen oppdatert som følgje av utsettinga.

Bakgrunn for saka

Sist Bustadsosial handlingsplan vart utarbeidd i 2014. Ny plan har blitt forseinka mellom anna grunna pandemi og vakansar. Arbeidet med ny kommunedelplan for Bustadsosial handlingsplan vart starta hausten 2023. Sveio kommune deltek i eit nettverk i høve utarbeiding av bustadsosiale handlingsplanar i regi av Statsforvaltaren i Vestland. Det kom ny bustadsosial lov frå 1. juli 2023. Den nye lova skjerper plikta til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga og stiller noko strengare krav til sakshandsaming. Arbeidet med planen vil og ha fokus på nye føringar, og dette har og vore lagt til grunn i høve framdrift i planarbeidet.

Saks- og faktaopplysningar

I handsaming av politisk sak om å legge ut Planprogram for bustadsosial handlingsplan ut på høyring, vart frist utsett frå 15.08.23 til 15.09.23. Det kom inn eit høyringssvar, innsendt av Arne Valen, sjå vedlegg.

I høyringa vart det påpeika ulike grupper som inngår i omgrepet vanskelegstilte på bustadmarknaden som burde omtalast. Desse er; låginntektspersonar/familiar, personar med funksjonsnedsetting, flyktingar, personar med rus- og/eller psykiske lidningar og bustadlause. Dette er viktige områder, og desse vil bli omtala i planen og er omtala no i planprogrammet.

Det er og påpeika at Sveio kommune bør ha ein utviklingsplan for bustadporteføljen. Slik plan vil det bli utarbeidd ein utviklingsplan for bustadporteføljen, og er no omtala i planprogrammet.

Organisering av tildeling av kommunalt eigde bustadar er no og omtala i planprogrammet og vil bli omtala i planen.

Det vert i høyringssvaret vist til at heilskapleg bustadsosialt arbeid er godt folkehelseiltak. Folkehelseperspektivet vil bli omtala i planen.

Moment i høve til å beskrive bustadsosialt arbeid i arealplanen er vidarebrakt til eining Samfunnsutvikling som arbeider med denne planen, og vert såleis ikkje teke inn i Planprogram for bustadsosial handlingsplan.

Innteke moment er i Planprogram for bustadsosial handlingsplan merka med understreking.

Innkome merknadar / Uttale frå partar

Det kom inn eit høyringssvar som er omtala i saka.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.

Økonomiske

Betre oversikt og organisering vil kunne gje betre grunnlag for økonomiske avgjersler.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Ein god og heilskapleg kommunedelplan for bustadsosialt arbeid i Sveio kommune vil vera eit godt fundament for den vidare utviklinga av eigna bustadar for ulike grupper. Innkomen høyringssvar har gode moment som vil bli omtala i planen.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til det vedlagde planprogrammet og til framlegg til vedtak først i saka.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet (Gjeldande frå 1. juli 2023).

Vedlegg:

Planprogram for bustadsosial handlingsplan 2024-2032

Planprogram - Bustadsosial handlingsplan

Høyringssvar planprogram bustadsosial handlingsplan, 15.09.23



Saksbehandlar: Ellen Urheim Tveit

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/23	Hovudutval oppvekst/kultur	16.10.2023
063/23	Hovudutval teknisk/næring	16.10.2023
129/23	Formannskapet	23.10.2023
123/23	Kommunestyret	06.11.2023
032/23	Eldrerådet	12.10.2023

Rullert kommunedelplan for kulturmiljø til høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utkastet til ny kommunedelplan for kulturmiljø blir lagt til høyring slik han ligg føre.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg frå Leif Tore Haukås (FrP) til tilleggspunkt på vegner av FrP, Høgre, KrF og Sp:

Omsynsone 570_33A ved Løkjavegen blir endra ved at sørleg avgrensing blir flytta nord for løa, slik at areal sett av til bustadar i sentrumsplanen kjem utanfor omsynsona.

Olav Østebø Olsen (SV) fremma rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg blei sett opp mot tilrådinga frå formannskapet. Sistnemnde blei vedtatt med 23 mot 2 røyster. Mindretalet: SV og MDG.

Det blei deretter røysta over framlegget frå Haukås (FrP). Dette blei vedtatt med 23 mot 2 røyster. Mindretalet: SV og MDG.

KOM - 123/23 Vedtak

1. Før utkastet til ny kommunedelplan for kulturmiljø blir sendt på høyring, må planen endrast i tråd med formannskapet sitt vedtak i møte 26. juni 2023, sak FOR-096/23, pkt. 2 a. Jamfør

vedtatte retningslinjer for kommuneplan 2023–2035, kor det står at «omsynssonene kan reduserast til minimum».

2. Omsynssone for kulturmiljø som dekker uregulert næringsareal i Mølstrevåg blir tatt ut av planen.
3. Omsynsone 570_33A ved Løkjavegen blir endra ved at sørleg avgrensing blir flytta nord for løa, slik at areal sett av til bustadar i sentrumsplanen kjem utanfor omsynsona.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Røysting: Tilrådingane frå høvesvis hovudutval oppvekst/kultur og hovudutval teknisk/næring blei sett opp mot kvarandre. Resultatet blei samrøystes i favør av sistnemnde.

FOR - 129/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Før utkastet til ny kommunedelplan for kulturmiljø blir sendt på høyring, må planen endrast i tråd med formannskapet sitt vedtak i møte 26. juni 2023, sak FOR - 096/23 pkt. 2 a. Jamfør vedtekne retningsliner for kommuneplan 2023 – 2035, der det står at «omsynssonene kan reduserast til minimum».
2. Omsynssone for kulturmiljø som dekker uregulert næringsareal i Mølstrevåg tas ut av planen.

Hovudutval teknisk/næring 16.10.2023:

Behandling:

Før møtet blei det halde ei felles orientering saman med hovudutval oppvekst/kultur (HOK) om kommunedelplanen for kulturmiljø. Orienteringa var ved Ellen Urheim Tveit og blei halden i kommunestyresalen kl. 1700-1730.

Før handsaminga av saka stilte representantane Mikal Møller Hovda, Leif Tore Haukås og Anne Lise Økland spørsmål ved eigen habilitet. Grethe Lier Alne blei utpeika til setjeleiar i handsaminga av habilitetsspørsmåla, og dei tre representantane forlét møtet då habiliteten deira blei drøfta. Eit samla HTN kom fram til at ingen av dei tre representantane var inhabile, og dei kunne igjen ta plass i møtet.

Framlegg til nytt vedtak frå Grethe Lier Alne:

Før utkastet til ny kommunedelplan for kulturmiljø blir sendt på høyring, må planen endrast i tråd med formannskapet sitt vedtak i møte 26. juni 2023, sak FOR - 096/23 pkt. 2 a. Jamfør vedtekne retningsliner for kommuneplan 2023 – 2035, der det står at «omsynssonene kan reduserast til minimum».

Framlegg til tilleggspunkt (pkt. nr. 2) frå Leif Tore Haukås:

Omsynssone for kulturmiljø som dekker uregulert næringsareal i Mølstrevåg tas ut av planen.

Møtet blei heva kl. 1845-1847 medan framlegga til vedtak blei ferdigformulerte.

Som framlagt av Grethe Lier Alne med tilleggspunkt (pkt. nr. 2) frå Leif Tore Haukås mot to røyster.
Mindretal: Olav Østebø Olsen (SV) og Anne Lise Økland (AP).

HTN - 063/23 Vedtak

Tilråding til formannskapet:

1. Før utkastet til ny kommunedelplan for kulturmiljø blir sendt på høyring, må planen endrast i tråd med formannskapet sitt vedtak i møte 26. juni 2023, sak FOR - 096/23 pkt. 2 a. Jamfør vedtekne retningsliner for kommuneplan 2023 – 2035, der det står at «omsynssonene kan reduserast til minimum».
2. Omsynssone for kulturmiljø som dekker uregulert næringsareal i Mølstrevåg tas ut av planen.

Hovudutval oppvekst/kultur 16.10.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg til vedtak frå John Kr. Økland (H) på vegner av Høgre, FrP, KrF og Sp:

Før utkastet til ny kommunedelplan for kulturmiljø blir sendt på høyring, må planen endrast i tråd med formannskapet sitt vedtak i møte 26. juni 2023, sak FOR-096/23, pkt. 2 a. Jf. vedtatte retningslinjer for kommuneplan 2023–2035, kor det står at «omsynssonene kan reduserast til minimum».

Røysting: Rådmannen sitt framlegg blei sett opp mot framlegget frå Økland (H). Resultatet blei samrøystes i favør av sistnemnde.

HOK - 042/23 Vedtak

Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:

Før utkastet til ny kommunedelplan for kulturmiljø blir sendt på høyring, må planen endrast i tråd med formannskapet sitt vedtak i møte 26. juni 2023, sak FOR-096/23, pkt. 2 a. Jf. vedtatte retningslinjer for kommuneplan 2023–2035, kor det står at «omsynssonene kan reduserast til minimum».

Saksutgreiing

Samandrag

Den første kulturminneplanen for Sveio blei vedteken i 2015. Handlingsprogrammet for rullering av planen blei vedteke i 2020. Den nye planen har fått nemninga «Kulturmiljøplan».

Hovudmålet med den første kulturminneplanen frå 2015 var å få ein betre oversikt over kulturminna i kommunen, og å gjera ei vurdering av verneverdi. Ut frå dette blei det utarbeidd ein forvaltningsplan og ein handlingsplan for lokale kulturminne. Det var viktig å få eit juridisk vern gjennom plan- og bygningslova for dei mest verdifulle kulturminna. Dei aller fleste kulturminna er ikkje freda og har hatt

eit svært svakt juridisk vern. Planen har vore viktig for forvaltninga av kulturminne i Sveio, og den nye kulturmiljøplanen byggjer vidare på dette arbeidet. Det er lagt vekt på at vern og bruk av kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegginga og ein ressurs i utviklinga av kommunen. Vern av kulturminne og ombruk av eksisterande bygningar som viktige verkemiddel i arbeidet med å redusera utsleppa av klimagassar er òg vektlagt i planen.

Gjennom kulturmiljøplanen er eit utval av dei registrerte kulturminna (klasse A) kommunalt verna. Verkemiddelet er omsynssone H570_etter Plan- og bygningslova. Ein del spesielle bygningstypar og kulturmiljø er vurderte som verneverdige («Kommunalt listeførte», klasse B). Desse har ikke omsynssone i det nye planforslaget. Det er utarbeidd nye retningslinjer til omsynssonene for å gjera dei tydelegare overfor eigarane og til eit betre verkty for forvaltninga. Ein del av omsynssonene er justerte og kunnskapsgrunnlaget (del 2) er oppdatert i samsvar med dagens situasjon.

Bakgrunn for saka

Den første kulturminneplanen for Sveio kommune blei vedteken i oktober 2015. Planen har vore eit viktig grunnlagsdokument for kommunen sitt arbeid med forvaltning av kulturarva i åra etterpå. Kulturminneplanen har fungert som kunnskapsgrunnlag for både innbyggjarane og forvaltninga med oversikt over kva som finst av kulturminne i kommunen. Betre oversikt har òg gitt betre sakshandsaming og høve til å gje gode svar til dei som vender seg til kommunen med spørsmål om kulturminne.

Sjølv om planen har vore eit nyttig verktøy ser ein òg behovet for justeringar. I den perioden planen har vore i bruk har me gjort oss nokre erfaringar, og målet med endringane som er gjort er å gjera planen til eit betre verktøy for eigarar og forvaltning. Dette gjeld særleg for dei formelle delane av planen som legg føringar for forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø.

I tillegg til behovet for endringar basert på lokale erfaringar, har det skjedd mykje på dette feltet både nasjonalt og regionalt. I stortingsmelding 16: "Nye mål i kulturmiljøpolitikken: Engasjement, bærekraft og mangfold", som blei lagt fram i april 2020, er det sett opp nye nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken, som erstattar dei tidlegare måla. Her er det mellom anna lagt auka vekt på samanhengande kulturmiljø, heller enn enkeltståande kulturminne. I samsvar med dette er namnet på planen endra til «Kulturmiljøplan for Sveio». I tillegg har kulturminne og kulturmiljø si tyding for berekraft og klima kome meir i fokus. For kulturmiljøfeltet regionalt er det gjort formelle endringar i samband med regionreforma, der fylkeskommunane har fått nye og endra ansvarsområde.

Saks- og faktaopplysningar

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-12 og 11-13 blei det sett gong arbeidet med rullering av kulturminneplanen i 2019. Planen blei vedtatt i 2015, og dette er første rullering. Det blei varsla oppstart av planarbeid i oktober 2019. Handlingsprogrammet var til høyring og vedteke av kommunestyret i sak 14/20. Planarbeidet er i samsvar med planstrategien for Sveio kommune. I samband med rulleringa er det gjort naudsynnte oppdateringar og endringar i plandokumentet og omsynssonene. Planen handlar først og fremst om forvaltning av nyare tids kulturminne, som kommunane har ansvar for gjennom handheving av Plan- og bygningslova.

Den omfattande registreringa av faste kulturminne i 2011 - 2015 viste at me har eit stort tal kulturminne i Sveio. Rundt 2500 kulturminne er registrert. Når me ser på det registrerte materialet samla, viser det eit påfallande einsarta kulturmiljø over heile kommunen: Heilt opp til våre dagar har sveibuen hovudsakleg drive med landbruk og fiske, og med handverk og småindustri knytt til ressursane på eigen eigedom. Tettstadar, industri og handel i større omfang har det vore lite av, sjølv om unnataka finst og er dokumentert i planen. Som følgje av dette ligg hovudvekta i omtalar og prioriteringar av kulturminne på miljø som er knytte til landbruk og fiske – og, ikkje minst,

kombinasjonen av dei. Dei aller fleste har vore småkårsfolk – husmenn, småbrukarar og fiskarbønder. Klasseskilnadane har vore tydelege, men fordi få har høyrte til nokon overklasse har dei kanskje vore mindre enn andre stader. Skilnadane kjem likevel til syne for ettertida gjennom dei kulturminna som er bevarte. I planen er det lagt vekt på å syna breidda i kulturminnetilfanget, slik at det speglar alle sider av historia, ved å setja kulturminne og kulturmiljø inn i ein tematisk samanheng. Omtalane er delt inn etter tema som samferdsle, religion, industri, handel, offentleg verksemd, organisasjonsliv og krigshistorie. Også kulturminne frå etterkrigstida er med, men i mindre omfang.

I del 2, kunnskapsgrunnlaget, er det relativt små endringar. Her er det gjort nokre oppdateringar og retting av faktafeil. Det største arbeidet har vore knytt til omsynssone. Tilstand og status for kulturmiljø i omsynssone er vurdert på nytt. Det er utarbeidd nye retningslinjer, justert kartgrunnlag og teke nye bilete der situasjonen er endra. Nokre kulturmiljø er opp- eller nedgraderte i høve til tidlegare status i den nye planen. Særleg heilskaplege kulturmiljø og kulturminne med andre særskilde kvalitetar er prioriterte i klasse A. Der ein tidlegare hadde omsynssone for både klasse A og klasse B, er dette no endra til å berre gjelda for klasse A for å synleggjera skilnaden mellom dei ulike klassane. Klasse B er definert som «verneverdige kulturminne», listeførte. Talet på omsynssoner er såleis redusert frå 230 til 112. Dette talet omfattar òg nye omsynssoner H570 c) som syner område med mange automatisk freda kulturminne. Eit eige kart syner omsynssoner H730 d), automatisk freda (arkeologiske) kulturminne.

I høyringa av planprogrammet bad fylkeskommunen om at kommunen òg held oversikt over kva kulturminne som har blitt borte i planperioden. Det har me gjort så godt det let seg gjera.

Målet med den første kulturminneplanen var å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Sveio, og å få eit godt grunnlag for ein heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning. Målsetjinga blir vidareført og utvida med vekt på kulturminne som ressurs i den nye planperioden:

Kulturminneplanen skal bidra til å styrka kunnskapen om kulturmiljø i Sveio, og vera eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturmiljøforvaltning. Vern og bruk av kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegginga og ein ressurs i utviklinga av kommunen.

Innkome merknadar / Uttale frå partar

I tillegg til innspela som kom i samband med høyring av planprogrammet har det komme formelle og uformelle innspel i løpet av perioden det har blitt arbeidd med planen. Desse er vurdert og innarbeidd i planen der dei ikkje kjem i konflikt med andre omsyn.

Konsekvensar

Omsynssone for kulturmiljø i klasse B er fjerna for å gjera skilnaden mellom klasse A og B tydelegare. Kulturmiljø i klasse B får eit svakare vern utan omsynssone, men kulturminneverdiane er likevel ivaretekne gjennom Plan- og bygningslova og til dels Kulturminnelova. I ny kommuneplan vil eksisterande omsynssoner for kulturmiljø bli erstatta av dei som er vedtekne i kulturmiljøplanen.

FN sine berekraftsmål

Innsats for å verne om og sikre kulturarva i verda er omtala i delmål **11.4**: Styrke innsatsen for å verne om og sikre verdens kultur- og naturarv. Også andre av delmåla kan knytast til vern og bruk av kulturarva.

Økonomiske konsekvensar

Planarbeidet er i hovudsak gjennomført ved hjelp av eksterne tilskot. Det er ikkje ikkje store endringar i høve til tidlegare plan. Frå 2023 har kommunen ein eigen pott til forsterking av den fylkeskommunale

tilskotsordninga. Denne bør aukast i åra framover for å kunna styrka oppfølginga av eigarar som vil restaurera verneverdige bygg.

Beredskap

Ikkje vurdert

Vurdering

Kulturminneplanen frå 2015 har vore eit viktig dokument som har styrka Sveio kommune sitt arbeid med å sikra lokale kulturminneverdiar. I samarbeidet med private eigarar er det lagt vekt på prinsippet om «vern gjennom bruk», med mål om å kombinera bruksomsyn med å ta vare på desse verdiane. Den nye kulturmiljøplanen er ei vidareføring av dette. Samstundes tek han det eit steg vidare med å leggja meir vekt på kulturminne som viktige verdiar og ressursar i samfunnsutviklinga (sjå kap. 5 i planen).

Forslaget om å ta bort omsynssonene for kulturmiljø i klasse B synleggjer at det er skilnad på forvaltninga av kulturmiljø i klasse A og B, men gjev kommunen færre verkemiddel til å sikra at kulturminna blir bevarte. Klasse A har høgast prioritet ved tilskot og fagleg rettleiing. For å sikra god forvaltning er det viktig at også kulturmiljø utan omsynssone blir markerte i kommunen sitt kartverk og i andre planar. Dei listeførte kulturminna representerer lokalt viktige verdiar, og det er eit mål at også desse blir tekne vare på. God oppfølging av eigarar av alle typar kulturminne er avgjerande for at verdiane skal bli bevarte. I tillegg til dei juridiske verkemidla er økonomiske tilskot og fagleg rettleiing viktige måtar

Kulturminne og kulturmiljø er viktige for lokal eigenart og tilhøyrsløse til lokalmiljøet. Dette tel òg positivt i eit folkehelseperspektiv. I forlenginga av dette har dei eit stort potensiale for verdiskaping innan reiseliv. Kulturelle opplevingar blir stadig viktigare for turistar, og tal frå Innovasjon Norge viser og at kulturturistar har eit høgare døgnforbruk enn andre turistar. Kulturmiljø kan både vera ein ressurs for reiselivet, gje grunnlag for opplevingar i nærområdet og resultera i at kulturminne blir sett i betre stand og bevart gjennom ny bruk. I Sveio er det særleg Førde og Valestrand som har slikt potensiale, i tillegg til Ryvarden som er etablert som eit kulturelt fyrtårn.

I område der det er få verdifulle kulturminne, er det desto viktigare å ta vare på dei som er. Kulturminne byggjer identitet og synleggjer at staden har ei historie. Dette er viktig også i nyetablerte byggeområde.

Berekraftig bruk og utvikling av kulturmiljø er ein viktig ressurs i utviklinga av samfunnet. Ombruk og gjenbruk av eksisterande bygningar er et viktig ledd i arbeidet med å få ned klimagassutsleppa raskt. Ei rekkje undersøkingar viser at dei mest berekraftige bygningane er dei som alt er bygd. Restaurering og av eksisterande bygningar fører til langt lågare klimautslepp enn riving og bygging av nye bygg. Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs, og vern av kulturarven har potensiale for å bli ein ressurs i arbeidet med å redusere påverknaden samfunnet har på klimaet. Samstundes er det behov for tiltak som sikrar kulturminneverdiar mot den klimapåverknaden alt er i gong.

Det er lagt vekt på å omtale og prioritere kulturminne frå alle delar av kommunen i planen. Likevel er ikkje dei prioriterte kulturminna jamt fordelte over heile kommunen. Valestrand har ein klårt større del av dei verdifulle kulturminna i Sveio enn resten av kommunen har. Det kan skuldast betre tilgang til byggjemateriale av god kvalitet, men kanskje òg eit sterkare medvit om å bevare dei verdiane kulturminna representerer. Til no har utbygging i relativt liten grad påverka kulturminnetilfanget i kommunen, men særleg i strandsona kan dette bli endra i åra som kjem.

Sjølv om me kjenner til at kulturminne har gått tapt som følgje av utbygging, er det lite som tyder på at dette gjeld i stort omfang. Eit viktig unnatak her er Tjernagelshaugen – det kanskje mest verdifulle arkeologiske kulturminnet i Sveio, som blei fjerna i samband med bygging av kortbølgjesendaren i

1983. Sendaren blei fjerna i 2011. Det nyaste dømet er handelsstaden i Mølstrevåg, som blei riven i 2020 – 23.

Det er heva over tvil at viktige kulturminne vil gå tapt også i framtida, men eitt av måla med kulturmiljøplanen er at både kommunen og innbyggjarane skal ha eit medvite tilhøve til forvaltninga av desse verdiane. Ein kystkommune som Sveio har eit særleg ansvar for å ta vare på kulturminne i strandsona, som nasjonalt har vore sterkt underprioritert i samband med freding og vern. I strandsona kan det bli konflikhtar mellom vern og utbyggingsinteresser, men gjennom godt samarbeid mellom eigar/utbyggjar og forvaltninga kan ein finna løysingar som tek i vare begge omsyna. Erfaringa viser at det blir færre slike interessekonflikhtar i kommunar som har kulturminneplanar. I nokre tilfelle kan det likevel visa seg at kulturminna har for svakt juridisk vern.

Kommunane har eit stort ansvar når det gjeld å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren sine fredingar omfattar berre ein liten del av dei registrerte kulturminna, og hovudsakleg gjeld dette arkeologiske kulturminne. Om me ikkje sjølv tek vare på den lokale historia, vil ingen andre gjera det.

Rådmannen sin konklusjon

Kulturminneplanen har gitt eit løft for arbeidet med bevaring av kulturminne og kulturmiljø i Sveio. Den nye kulturmiljøplanen legg grunnlaget for å utvikla dette arbeidet vidare. Det neste steget blir å styrka innsatsen for å nytta kulturmiljø som ressurs for den lokale samfunnsutviklinga: I styrking av busetnaden, folkehelsearbeidet, utvikling av reiselivet og som ein del av klimaarbeidet.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova

Kulturminnelova

Vedlegg:

Rullert kulturminneplan for Sveio 2024-2032, Høyringsutkast

Vedlegg 1 Omsynssone - kulturmiljø klasse A

Vedlegg 2 Verneverdige kulturminne klasse B

Vedlegg 3a Kart område 1 Valestrand

Vedlegg 3a Kart område 2 Auklandshamn - Bua

Vedlegg 3a Kart område 3 Førde

Vedlegg 3a Kart område 5 Sveio

Vedlegg 3a Kart område 4 Sveio del 1

Vedlegg 3a Kart område 6 Vikse-Vigdarvatnet

Vedlegg 3a Oversiktskart omsynssoner

Vedlegg 3b Oversiktskart arkeologiske kulturminne, automatisk freda

Vedlegg 4 Handlingsplan 2024 - 2025



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
130/23	Formannskapet	23.10.2023
124/23	Kommunestyret	06.11.2023

Ryvarden kulturfyf KF – Tertialrapport

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar tertialrapport pr. 31. august 2023 for Ryvarden kulturfyf KF til orientering.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 124/23 Vedtak

Kommunestyret tar tertialrapport pr. 31. august 2023 for Ryvarden kulturfyf KF til orientering.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

FOR - 130/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tar tertialrapport pr. 31. august 2023 for Ryvarden kulturfyf KF til orientering.

Saksutgreiing

I kommuneloven § 9-15, siste avsnitt, heiter det at styret i kommunale føretak «skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret (...) som viser utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med kommunestyrets (...) vedtatte rammer for foretaket».

Tertialrapport for 2. tertial for Ryvarden kulturfyr KF ligg ved saka her.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018 nr. 63 (kommuneloven)



Saksbehandlar: Peter Olav Lura

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
131/23	Formannskapet	23.10.2023
125/23	Kommunestyret	06.11.2023

Finansrapportering 2. tertial 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar vedlagte finansrapport 2. tertial 2023 – Sveio kommune til etterretning.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 125/23 Vedtak

Kommunestyret tar vedlagte finansrapport 2. tertial 2023 – Sveio kommune til etterretning.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

FOR - 131/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tar vedlagte finansrapport 2. tertial 2023 – Sveio kommune til etterretning.

Saksutgreiing

Samandrag

Sveio kommunes forvaltning av kortsiktig kapital, langsiktig kapital og gjeld er i tråd med gjeldande reglar og kommunens finansreglement.

Bakgrunn for saka

Lovpålagt finansrapportering.

Saks- og faktaopplysningar

Vedlagt følgjer finansrapport 2. tertial 2023 – Sveio kommune.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Ingen.

Konsekvensar

Ingen.

FN sine berekraftsmål

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar

Sjå vedlagte rapport.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Sveio kommune si plassering av likvide og langsiktige midlar er i samsvar med gjeldande reglar og vedteke finansreglement. Det same er kommunens forvaltning av gjeld.

Rådmannen sin konklusjon

Sjå vurdering.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner, kommunelova og finansreglementet til Sveio kommune



Saksbehandlar: Unni Ravnøy

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
132/23	Formannskapet	23.10.2023
126/23	Kommunestyret	06.11.2023

Tertialrapport pr. 31.08.23

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport for perioden 01.01.2023 – 31.08.2023 vert tatt til etterretning

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Arne Valen (Sp) gav nokon kommentarar til rammeområda for habilitering og pleie og omsorg.

Røysting: Samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 126/23 Vedtak

Tertialrapport for perioden 01.01.2023–31.08.2023 vert tatt til etterretning.

Formannskapet 23.10.2023:

Behandling:

På spørsmål frå John Kr. Økland (H) viste rådmannen til ein ikkje har klare indikasjonar på auka inntekter, og at ein går mot negativt resultat.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

FOR - 132/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Tertialrapport for perioden 01.01.2023–31.08.2023 vert tatt til etterretning

Saksutgreiing

I samsvar med kommunelova, Sveio kommune sitt delegeringsreglement og vedtekne rapporteringsrutinar skal rådmannen rapportere om den økonomiske utviklinga i høve til budsjett, og drifta av kommunen undervegs i budsjettåret. Økonomisk rapportering skal gjennomførast 2 gonger i året utanom rekneskap/årsrapport. Det vert også rapportert på andre sentrale forhold om den kommunale drifta.

Samandrag

ØKONOMISK OVERSIKT I HØVE TIL DRIFTSBUDSJETT FOR 2. TERTIAL 2023

ANSVARSGRUPPE	REKNESKAP	PER. BUDSJETT	ÅRSBUDSJETT	AVVIK PER:	ESTIMAT 31.12
Politisk	4 211 708	4 178 791	6 070 000	-32 917	-150 000
Sentraladministrasjon	15 131 787	16 817 390	24 935 636	1 685 603	0
Oppvekst - Skule	70 281 193	70 454 417	111 764 432	173 224	-2 500 000
Tekniske tjenester	20 705 227	18 458 789	25 811 555	-2 246 438	-3 400 000
VAR	-13 194 864	-14 402 643	-7 927 516	-1 207 779	0
Vigdatur kultursenter	4 528 978	5 144 410	7 278 888	615 432	0
Kyrkja	4 320 000	4 320 000	4 520 000	0	0
Oppvekst - Barnehage	17 001 361	16 449 407	25 588 922	-551 954	0
Ryvarden Kulturfyfyr KF	370 000	370 000	490 000	0	0
Helseavdeling med fellestenester	24 159 401	23 002 638	32 365 111	-1 156 763	-1 000 000
Pleie og Omsorg	47 220 270	42 811 840	66 749 996	-4 408 430	-6 500 000
NAV med flyktningearbeid	10 788 315	10 989 190	16 791 194	200 875	-350 000
Barnevern	9 759 971	10 312 542	15 969 612	552 571	0
Habilitering	39 220 284	35 162 354	41 821 124	-4 057 930	-2 800 000
TOTALT	254 503 631	244 069 125	372 228 954	-10 434 506	-16 700 000

Sveio kommune sine frie inntekter består i hovudsak av ordinær skatt, eigedomsskatt, rammeoverføring og inntektsutjamning. Sum frie inntekter for 2023 er ca. 407 millionar kroner.

Rammeområdet Politisk har eit meirforbruk på kr 32 900. Ved årsslutt kan meirforbruket ligge på omlag 150 000.

Rammeområdet Sentraladministrasjonen har eit mindreforbruk pr. 31.08 på kr 1,7 mill. Området ventes å komme ut i balanse ved årsslutt.

Rammeområdet Tilleggsløyvingar står det ubrukte midlar på kr 5 780 000. Desse er mellom anna avsett til årets lønsoppgjer. Årets lønsoppgjer er berekna å koste 9 866 000. Det vil sei at det var avsett kr 4 100 000 for lite i årets budsjett.

Rammeområdet Oppvekst skule har eit mindreforbruk pr. 31.08 på kr 173 000. Estimert resultat ved årsslutt er 2,5 mill. i meirforbruk.

Rammeområdet Oppvekst barnehage har eit meirforbruk på kr 552 000. Ramma til barnehage er venta å være i balanse ved årsslutt.

Rammeområdet Vigdatur kultursenter har eit mindreforbruk på kr 615 000. Området ventes å gå i balanse ved årsslutt.

Rammeområdet Helse med fellestenester har eit meirforbruk på 1 156 000. Prognosane syner at ein for 2023 mest sannsynleg vil gå med eit meirforbruk på til saman kring kr 1 mill. Forventa meirforbruk er i hovudsak knytt til leiga av vikarlegar.

Rammeområdet Pleie og omsorg har pr. 31.08 eit meirforbruk på kr 4 408 000. Ved årsslutt kan det sjå ut som om ein kjem opp i eit meirforbruk på kr 6,5 millionar kroner. Meirforbruket er mellom anna knytt opp mot auka etterspørsel etter helsetenester.

Rammeområdet NAV med flyktning har pr. i dag eit mindreforbruk på kr 201 000. Området ser ut til å gå mot eit meirforbruk på 0,35 mill. ved årsslutt. Mykje av dette er knytt til auka økonomisk stønad då fleire har behov for hjelp og auka utgifter til flyktningar.

Rammeområdet Barnevern har eit mindreforbruk pr. dags dato på kr 553 000. Eininga forventar å vere i balanse ved års slutt.

Rammeområdet Habilitering har eit meirforbruk pr. 31.08 på kr 4 058 000. Eininga ser ut til å få eit meirforbruk for 2023 på om lag 2,8 millionar ved årsslutt.

Rammeområdet Tekniske tenester har eit meirforbruk på kr 2 246 000. Ved årsslutt er det estimert eit meirforbruk på kr 3,4 mill

Rammeområdet Kyrkja og Ryvarden Kulturfyr vil være i balanse ved årsslutt. Ryvarden kulturfyr leverer eigen tertialrapport.

For utfyllande informasjon frå den enkelte eining sjå vedlagte rapport.

Skatt og rammeoverføringar:

Oppdaterte anslag for skatteinngangen 2023 viser at skatteinntektene truleg aukar med 3 mill. i høve revidert budsjettet. Inntektsutjamningen ser ut til å bli 0,6 mill. høgre enn budsjettet.

Private barnehagar

Det ser ikkje ut til at tilskotet til private barnehagar vil avvike særskilt i høve budsjettet.

Flyktningstilskotet

Flyktningstilskotet ser ut til å verte 3,7 mill. høgre enn tidlegare berekna, med her vil en og få høgre utgifter til flyktningar.

Renteinntekter/-kostnader

Renteinntektene ser ut til å bli 2,5 mill. høgre enn budsjettet, mens renteutgiftene ligg an til å bli 1,6 mill lågare.

Havbruksfondet

Det er budsjettet med kr. 2 500 000 i tilskot frå dette fondet. Det er kommen inn signal på at dette kanskje vi ende på 3,1 mill. i 2023..

Pensjonsutgifter

Nye berekningar visar at det kan bli noko meirutgifter til pensjon i 2023 enn det som er lagt inn i budsjettet. Premiefond er brukt for å dekke opp høgare premie. Økt innbetaling av premie har ført til at premieavviket er noko redusert i høve budsjettet (2,4 mill.).

Om lag 3,2 millionar av det varsla meirforbruket på drift er forventa med bakgrunn i høgare løns- og prisvekst enn lagt til grunn ved utarbeiding av budsjettet. I kommuneproposisjonen er kommunanes

løns- og prisvekst (deflator) anslått til 4,5 %, medan det er lagt til grunn ein vekst på 3,7 % ved utarbeiding av budsjettet.

På rammeområdet Tilleggsøyvingar var det budsjettert med kr 5 780 000. Desse er mellom anna avsett til årets lønsoppgjjer. Årets lønsoppgjjer er berekna å koste 9 866 000. Det vil sei at det var avsett ca kr 4 100 000 for lite i årets budsjett.

Investeringsrekneskapen

Vedlagt saken er ein oversikt over vedtekne investeringsprosjekt. Oversikten synar kva prosjekt som er aktive i 2023, og kva som er igjen til disposisjon på kvart prosjekt.

Rådmannen sin konklusjon

En del einingar har eit meirforbruk i 2.tertial som dei har gitt signal om at dei ikkje klarer å dekke inn att i løpet av året. I tillegg er det andre einingar som varslar eit meirforbruk ved årets slutt. Det vert arbeid med å redusera det varsla meirforbruket i løpet av året. Det varsla meirforbruket på drift visar at det er utfordrande for ein del områder å halde budsjetta sine. Framskivingar visar at dette vil fortsetta å vera utfordrande også i resten av økonomiplanperioden. Korleis kommunen kan handtere dette på lengre sikt er omtale i saka om rammer for budsjett 2024.

Dersom ein tek høgde for varsla meir/mindreforbruk kan rekneskapen for Sveio kommune pr. i dag sjå ut til å komme ut som følgjer:

Drift	Meir/ Mindreforbruk (-)
Politisk	150 000
Sentraladministrasjon	0
Oppvekst - Skule	2 500 000
Oppvekst - Barnehage	0
Tekniske tjenester	3 400 000
Helse/fellestenester	1 000 000
Pleie og omsorg	6 500 000
NAV med flyktningearbeid	350 000
Barnevern	0
Habilitering	2 800 000
Sum meirforbruk drift	16 700 000

Finans:	Meir/ Mindreforbruk (-)
Auka flyktningstilskot	-3 700 000
Renteutgifter/-inntekter	-4 100 000
Auka skatteinngong	-3 000 000
Auka inntektsutjamning	-600 000
Auka rammetilskot	0
Utbytte haugaland Kraft	0
Forlite avsett lønsoppgjjeret	4 100 000
Tilskot havbruksfond	-600 000
Red. innt.f. premieavvik	2 400 000
Økt avdrag på lån	1 200 000
Sum finans	-4 300 000
Sum resultatverknad Meirforbruk	12 400 000

Budsjettert netto driftsresultat (mindreforbruk)	-776 000
Estimert netto driftsresultat (Meirforbruk)	11 624 000



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Valutvalet	23.10.2023
127/23	Kommunestyret	06.11.2023
010/23	Valutvalet	06.11.2023

Val av representantar til folkevalde og andre organ 2023–2027

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel følgande representantar til følgande organ for perioden 2023–2027:

...

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Framlegg frå Linn Therese Erve (Ap):

Personleg vararepresentant for Lars Petter Lie i interkommunalt idrettsutval: Kristian Haaland.

Røysting:

Det blei røysta over valutvalet si innstilling og framlegget frå Erve (Ap) samla. Resultatet blei samrøystes for.

KOM - 127/23 Vedtak

Kommunestyret vel representantar og kandidatar til folkevalde og andre organ for perioden 2023–2027 slik det kjem fram av saka med vedlegg.

Valutvalet 06.11.2023:

Behandling:

Innstillinga til kommunestyret er samrøystes.

VUT - 010/23 Vedtak

Valutvalet si innstilling til kommunestyret ligg som vedlegg til saka.

Valutvalet 23.10.2023:

Behandling:

Innstillinga til kommunestyret er samrøystes.

Der det kjem fram av oversikta (som blir lagd ved saka) at det er lagd fram alternativt framlegg, blei det ikkje røysta over framlegga i valutvalet.

VUT - 004/23 Vedtak

Valutvalet si innstilling til kommunestyret ligg som vedlegg til saka.

Saksutgreiing

Det kjem fram av tabellen under kva organ kommunestyret skal velja representantar til. Under tabellen følger kommentarar til nokon av organa.

Namn	Organ	Rep.	Vara	Personleg?
Interkommunal dyrevernsnemnd	Utval/nemnd	1	1	
Fartein Valen-stiftinga	Styre	Ordførar	1	
Sveio kyrkjelege fellesråd	Råd	1	2	
Forliksrådet	Domstolliknande	3	3	
Forliksrådet (møtefullmektigar)	Domstolliknande	3	0	
Friluftsrådet Vest	Styre	1	1	
Friluftsrådet Vest	Representantskap	3	3	Ja
Frivilligsentralen	Styre	1	1	

Sveio Golfpark	Styre	2	0	
Haugaland Kraft	Generalforsamling	3	3	
Haugesund Sparebank	Forstandarskap	1	1	
Heimevernsnemnd	Utval/nemnd	2	2	
Helseføretak under Helse Vest RHF	Styre (kandidatar)	2	0	
Interkommunalt hjorteviltutval	Utval/nemnd	1	1	
Haugaland kontrollutvalssekretariat	Representantskap	1	2	
Interkommunalt idrettsutval	Utval/nemnd	2	2	Ja
Interkommunalt arkiv i Hordaland	Representantskap	1	2	
Karmsund hamn	Styre (kandidat)	1	0	
Norsk kulturskuleråd Vestland	Fylkesstyret	Opptil 5 (inkl. leiar og nestleiar)	2	
Oppnemningsutval til konfliktrådet	Domstolliknande	1	1	
Krisesenter Vest	Representantskap	Ordførar	2	
Kystkultur no	Representantskap	1	2	
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar	Landstinget	2	0	
Sveio næringsforum	Observatør	1	1	
Rogaland Revisjon	Representantskap	1	2	

Ryvarden	Styre	4	4	
Sunnhordland interkommunale miljøverk	Representantskap	2	2	Ja
Sunnhordland interkommunale miljøverk	Styre	1	1	
Samarbeidsutval – Førde barnehage	Utval/nemnd	1	1	
Samarbeidsutval – Sveio barnehage	Utval/nemnd	1	1	
Skulemiljøutval – Valestrand oppvekstsenter	Utval/nemnd	1	1	
Skulemiljøutval – Førde skule	Utval/nemnd	1	1	
Skulemiljøutval – Auklandshamn skule	Utval/nemnd	1	1	
Skulemiljøutval – Sveio skule	Utval/nemnd	1	1	
Skulemiljøutval – Vikse skule	Utval/nemnd	1	1	
Valestrand kulturkyrkje		1	1	
Valstyret	Politisk utval	3	3	
Vann Vest	Generalforsamling	1	1	
Vassregionutvalet	Utval/nemnd	1	1	
Vestavind	Styre	1	1	

Valstyret består tradisjonelt av ordførar, varaordførar og éin medlem frå kommunestyret.

I representantskapet til Interkommunalt arkiv Hordaland har ein tidlegare vald rådmannen som fast medlem og arkivansvarleg i kommunen som éin av vararepresentantane.

Det kjem eiga sak på val av røystestyre i løpet av 2024.



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
107/23	Kommunestyret	02.10.2023
005/23	Valutvalet	23.10.2023
128/23	Kommunestyret	06.11.2023

Val av eldreråd 2023–2027

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

SVEIO ELDRERÅD 2023–2027

Medlemmer

1. ...
2. ...
3. ...
4. ...
5. ...

Varamedlemmer

...

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Framlegg frå John Kristian Økland (H) til vedtak, på vegner av Høgre, FrP, KrF og Sp:

Medlemmer:

1. John Gustav Eilerås
2. Helge Matre
3. Solfrid Lier Habbestad
4. Helge Bertin Sveen

5. Rakel Dorthea Øyerhamn

Varamedlemmer:

1. Aslaug Kinn
2. Mathias Vikse
3. Margrethe Vikse
4. Einar Toralf Halleland
5. Martin Gerhard Haugland

Framlegg frå Asle Georg Halleraker (TvF) til vedtak:

Medlemmer:

1. John Gustav Eilerås
2. Helge Matre
3. Solfrid Lier Habbestad
4. Mathias Vikse
5. Rakel Dorthea Øyerhamn

Varamedlemmer:

1. Aslaug Kinn
2. Margrethe Vikse
3. Helge Bertin Sveen
4. Einar Toralf Halleland
5. Martin Gerhard Haugland

Røysting:

Framlegga frå Økland (H) og Halleraker (TvF) blei sett opp mot kvarandre. Resultatet blei 18–7 i favør av førstnemnde. Mindretalet: Ap og TvF.

KOM - 128/23 Vedtak

SVEIO ELDRERÅD 2023–2027

Medlemmer

1. John Gustav Eilerås
2. Helge Matre
3. Solfrid Lier Habbestad
4. Helge Bertin Sveen
5. Rakel Dorthea Øyerhamn

Varamedlemmer

1. Aslaug Kinn
2. Mathias Vikse
3. Margrethe Vikse
4. Einar Toralf Halleland
5. Martin Gerhard Haugland

Valutvalet 23.10.2023:

VUT - 005/23 Vedtak

Valutvalet innstiller ikkje til kommunestyret.

Kommunestyret 02.10.2023:

Behandling:

John Kr. Økland (H) fremma utsettingsforslag.

Røysting: Utsettingsforslaget blei samrøystes vedtatt.

KOM - 107/23 Vedtak

Saka blir utsett til neste kommunestyremøte.

Saksutgreiing

Ny saksinformasjon

Avsnittet "Framlegg til medlemmer" er oppdatert med innspela frå Sveio pensjonistforbund (som blei sendt til gruppeleiarane i kommunestyret 28. september).

Saks- og faktaopplysningar

Eldrerådet (ELR) har fem – 5 – medlemmer, valde av kommunestyret. Eldrerådet skal òg ha inntil fem – 5 – ikkje-personlege varamedlemmer, valde av kommunestyret. Fleirtalet av medlemmene skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Eldrerådet er rådgivande organ for kommunen i saker som gjeld eldre, og har rett til å uttala seg i slike saker, jf. kommuneloven § 5-12. Eldrerådet innstiller direkte til kommunestyret.

Val av eldreråd blir halde som forholdsval når minst éin kommunestyremedlem krev det, og elles som avtaleval.

Ved avtaleval skal det veljast minst 40 % av kvart kjønn.

Ved forholdsval skal kvart kjønn vera representert med minst 40 % på kvart listeforslag. (Sidan valbare kandidatar ikkje er avgrensa til medlemmene av kommunestyret, er dette vilkåret absolutt.) Kvar liste kan innehalda maks. ti – 10 – namn (dobbelt så mange som antalet personar som skal veljast).

Framlegg til medlemmer

Følgande noverande medlemmer av eldrerådet stiller til attval:

- John Gustav Eilerås (71 år)
- Helge Matre (77 år)

Følgande personar er foreslått av innbyggjarar (og har samtykka til å stilla til val):

- Solfrid Lier Habbestad (66 år)
- Alf Edvin Hovda (73 år)
- Anne Vierdal (27 år)
- Mathias Vikse (66 år)

Sveio pensjonistforbund har foreslått følgande kandidatar (i tillegg til at forbundet støtter forslaga over):

- Einar Toralf Halleland (82 år – stiller til vara)
- Martin Gerhard Haugland (72 år – stiller til vara)
- Aslaug Kinn (83 år – stiller til vara)
- Helge Bertin Sveen (80 år)
- Margrethe Vikse (78 år)
- Rakel Dorthea Øyerhamn (71 år)

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018 nr. 83 (kommuneloven) § 5-12 (om medverknadsråd) og §§ 7-5, 7-6 og 7-7 (om forholds- og avtaleval)
- Reglement for folkevalde organ pkt. 1.5



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/23	Kommunestyret	02.10.2023
006/23	Valutvalet	23.10.2023
129/23	Kommunestyret	06.11.2023

Val av råd for personar med nedsett funksjonsevne 2023–2027

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

SVEIO RÅD FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2023–2027

Medlemmer

1. ...
2. ...
3. ...
4. ...
5. ...

Varamedlemmer

...

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Framlegg frå John Kristian Økland (H) til vedtak:

Medlemmer:

1. Magne Bergersen
2. Gro Ragnhild Eileraas
3. Dagfinn Fagerland Bjørge
4. Kristian Eilerås

5. Eva Basmo Kleppe

Varamedlem:

Turid Margrethe Hovda Bergersen

Røysting: Samrøystes som Økland (H) sitt framlegg.

KOM - 129/23 Vedtak

SVEIO RÅD FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2023–2027

Medlemmer

1. Magne Bergersen
2. Gro Ragnhild Eileraas
3. Dagfinn Fagerland Bjørge
4. Kristian Eilerås
5. Eva Basmo Kleppe

Varamedlem

Turid Margrethe Hovda Bergersen

Valutvalet 23.10.2023:

VUT - 006/23 Vedtak

Valutvalet innstiller ikkje til kommunestyret.

Kommunestyret 02.10.2023:

Behandling:

Rune Teikari (FrP) fremma utsettingsforslag.

Røysting: Utsettingsforslaget blei samrøystes vedtatt.

KOM - 108/23 Vedtak

Saka blir utsett til neste kommunestyremøte.

Saksutgreiing

Ny saksinformasjon

Etter saka blei utsett har administrasjonen kontakta følgande organisasjonar, etter innspel frå FFO Vestland (Funksjonshemmas fellesorganisasjon):

- LHL Stord (Landsforeininga for hjarte- og lungesjuka)
- HLF Sunnhordland (Høyrselshemmas landsforbund)
- Diabetesforbundet Sunnhordland
- ADHD Noreg Hordaland
- MS-forbundet Haugaland
- PEF Vestland og PEF Nord-Rogaland (Psoriasis- og eksemforbundet)
- Dysleksi Noreg Haugalandet

Ved utsending av innkalling til valutvalet (13. oktober) har ein ikkje mottatt nokon innspel til kandidatar, men dersom det kjem innspel vil sakspapiret her bli jamleg oppdatert, både mot møtet i valutvalet 23. oktober og eventuelt mot møtet i kommunestyret 6. november. Sjå under avsnittet «Framlegg til medlemmer».

Saks- og faktaopplysningar

Råd for personar med nedsett funksjonsevne (RNF) har fem – 5 – medlemmer, valde av kommunestyret. RNF skal òg ha inntil fem – 5 – ikkje-personlege varamedlemmer, valde av kommunestyret. Det er ikkje krav om at medlemmene sjølv må ha ei funksjonsnedsetting.

Rådet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

RNF er rådgivande organ for kommunen i saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne, og har rett til å uttala seg i slike saker, jf. kommuneloven § 5-12. Eldrerådet innstiller direkte til kommunestyret.

Val av RNF blir halde som forholdsval når minst éin kommunestyremedlem krev det, og elles som avtaleval.

Ved avtaleval skal det veljast minst 40 % av kvart kjønn.

Ved forholdsval skal kvart kjønn vera representert med minst 40 % på kvart listeforslag. (Sidan valbare kandidatar ikkje er avgrensa til medlemmene av kommunestyret, er dette vilkåret absolutt.) Kvar liste kan innehalda maks. ti – 10 – namn (dobbelt så mange som antalet personar som skal veljast).

Framlegg til medlemmer

Følgande noverande medlemmer av råd for personar med nedsett funksjonsevne stiller til attval:

- Magne Bergersen
- Gro Ragnhild Eileraas
- Kristian Eilerås
- Turid Margrethe Hovda Bergersen (stiller til attval som varamedlem)

Følgande person er foreslått av innbyggjarar (og har samtykka til å stilla til val):

- Dagfinn Fagerland Bjørge
- Eva Basmo Kleppe (**Ny**)

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018 nr. 83 (kommuneloven) § 5-12 (om medverknadsråd) og §§ 7-5, 7-6 og 7-7 (om forholds- og avtaleval)
- Reglement for folkevalde organ pkt. 1.6



Saksbehandler: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/23	Valutvalet	23.10.2023
130/23	Kommunestyret	06.11.2023

Val til styret i Torger Torgersens legat

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

MEDLEM I STYRET TIL TORGER TORGERSENS LEGAT 2023–2027

...

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som valutvalet si tilråding:

KOM - 130/23 Vedtak

MEDLEM I STYRET TIL TORGER TORGERSENS LEGAT 2023–2027

Carl Enoksen

Valutvalet 23.10.2023:

Behandling:

Framlegg frå John Kristian Økland (H): Carl Enoksen

Røysting: Samrøystes.

VUT - 007/23 Vedtak

Valutvalet si tilråding til kommunestyret:

MEDLEM I STYRET TIL TORGER TORGERSENS LEGAT 2023–2027

Carl Enoksen

Saksutgreiing

Sveio kommune er sekretariat for Torger Torgersens legat.

Legatet deler ut midlar til førebyggjande helsearbeid om tuberkulose og hjarte- og karsjukdomar i Sveio kommune.

Etter statuttane består legatstyret av ordførar, den til ei kvar tid fungerande kommunelege og eit medlem av kommunestyret. Sistnemnde skal veljast av kommunestyret.



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/23	Valutvalet	23.10.2023
131/23	Kommunestyret	06.11.2023

Val til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR 2023–2027

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR TIL REPRESENTANTSKAPET FOR REGION SUNNHORDLAND IKS 2023–2027:

Fast medlem: Ordfører André Mundal Haukås

Varamedlemmer:

1. Varaordfører Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
2. ...

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR I SUNNHORDLANDSRÅDET IPR 2023–2027:

Fast medlem: ...

Varamedlemmer:

1. ...
2. ...

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR TIL REPRESENTANTSKAPET FOR SUNNHORDLANDSRÅDET IPR 2023–2027:

Fast medlem: ...

Varamedlemmer:

1. ...
2. ...

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Røysting: Samrøystes som valutvalet si tilråding.

KOM - 131/23 Vedtak

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR TIL REPRESENTANTSKAPET FOR REGION SUNNHORDLAND
IKS 2023–2027:

Fast medlem: Ordførar André Mundal Haukås

Varamedlemmer:

1. Varaordførar Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
2. Linn Therese Erve

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR I SUNNHORDLANDSRÅDET IPR 2023–2027:

Fast medlem: Ordførar André Mundal Haukås

Varamedlemmer:

1. Varamedlem Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
2. Linn Therese Erve

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR TIL REPRESENTANTSKAPET FOR SUNNHORDLANDSRÅDET
IPR 2023–2027:

Fast medlem: Ordførar André Mundal Haukås

Varamedlemmer:

1. Varaordførar Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
2. Linn Therese Erve

Valutvalet 23.10.2023:

Behandling:

Samrøystes innstilling frå valutvalet.

VUT - 008/23 Vedtak

Valutvalet si tilråding til kommunestyret:

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR TIL REPRESENTANTSKAPET FOR REGION SUNNHORDLAND
IKS 2023–2027:

Fast medlem: Ordførar André Mundal Haukås

Varamedlemmer:

1. Varaordfører Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
2. Linn Therese Erve

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR I SUNNHORDLANDSRÅDET IPR 2023–2027:

Fast medlem: Ordfører André Mundal Haukås

Varamedlemmer:

1. Varamedlem Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
2. Linn Therese Erve

SVEIO KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR TIL REPRESENTANTSKAPET FOR SUNNHORDLANDSRÅDET IPR 2023–2027:

Fast medlem: Ordfører André Mundal Haukås

Varamedlemmer:

1. Varaordfører Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
2. Linn Therese Erve

Saksutgreiing

I konstituerande kommunestyret blei det vald representantar til representantskapet for Sunnhordlandsrådet IKS (sakspapiret ligg vedlagd).

Men Sunnhordlandsrådet er no under omorganisering og blir delt i to einingar, sjå sak til formannskapet om godkjenning av selskapsavtalar for høvesvis Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR (interkommunalt politisk råd).

Med føresetnad om at framlegga til selskapsavtalar (òg vedlagde saka her) blir vedtatt, vil Sunnhordlandsrådet IKS opphøyra som selskap. Ordfører legg derfor fram sak om val til dei to nye representantskapa, samt til sjølve rådet allereie no.

Ifølge dei nye selskapsavtalane har kvar deltakarkommune éin representant til kvart representantskap, samt to varamedlemmer. For Region Sunnhordland er det eksplisitt sagt at den faste medlemmen skal vera ordfører, og at varaordfører skal vera ein av varamedlemmene.

Vidare slår samarbeidsavtalen for Sunnhordlandsrådet IPR fast at deltakaren i sjølve rådet normalt er ordfører. Det blir ikkje lagd føringar på kven representanten eller varamedlemmene til representantskapet skal vera.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Framlegg til samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet IPR
- Framlegg til samarbeidsavtale for Region Sunnhordland IKS

Vedlegg:

Selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS

Samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR)

Val til representantskapet for Sunnhordlandsrådet IKS 2023–2027



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
133/23	Kommunestyret	06.11.2023

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Planarbeid

Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Planarbeid» til orientering.

Kommunestyret 06.11.2023:

Behandling:

Ingent tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak.

KOM - 133/23 Vedtak

Sveio kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Planarbeid» til orientering.

Saksutgreiing

Følgande er ordrett sitat frå saksframlegg for kontroll- og kvalitetsutvalet i sak KON-015/23, som blei behandla i møte 19. september 2023.

Bakgrunn

Sveio kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 20.02.23, sak 13/23 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Planarbeid» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten blir sendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar: 1) Sikre at kommunen til ei kvar tid set av tilstrekkeleg intern/ekstern kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi. 2) I forslaget til kommunedelplan for Sveio sentrum 2022–34 tydeleggjere dei ulike plandokumenta sin juridiske status.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*
4. *Kommunestyret meiner at heile eller deler av styringsgruppene burde vore intervjua i samband meg utarbeiding av rapporten.*

Føremålet med prosjektet var å undersøkje i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane vert følgt opp.

Revisjonen hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar

- *I planarbeidet har Sveio kommune etter vår vurdering utfordringar med å halda ønska framdrift i takt med vedtekne Planstrategi. Dette gjeld spesielt Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 og Næringsplan for Sveio kommune 2022-27, i tillegg til fleire andre planar.*
- *Kommunen har hausten 2022 satt i verk fleire tiltak for å sikra kommunen sin plankompetanse og for å auka kapasiteten.*
- *I forslaget til ny Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 kan kommunen med fordel tydeleggjere plandokumenta si juridiske status. Dette kjem ikkje tydeleg nok fram i høyringsutkastet, etter vår vurdering.*

Revisor hadde følgjande tilrådingar:

1. *Sikre at kommunen til ei kvar til har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi.*
2. *I forslaget til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 tydeleggjere dei ulike plandokumenta si juridiske status.*

Oppfølging/tilbakemelding frå rådmannen

Sekretariatet har mottatt tilbakemelding frå rådmannen, som er vedlagt saka. Tilbakemeldinga er satt opp som eit saksframlegg direkte frå administrasjonen til kontroll- og kvalitetsutvalet og til kommunestyret. Kontrollutvalsekretariatet har tatt tilbakemeldinga inn i saksframlegget. Rådmannen skriv følgjande:

Tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet

I høve første kulepunkt har rådmannen gjort endringar av organisasjonen i januar 2023 for å spisse fokus og sikre raskare framdrift i overordna planarbeid.

Ansvar for overordna planarbeid er flytta til ei nyoppretta eining Samfunnsutvikling. Eininga har fått styrka kapasitet med ei nyoppretta stilling som einingsleiar og ved at samfunnsplanleggjar har fått auka stillingsdel til planlegging frå 80 til 100% stilling. Oppgåva som beredskapskoordinator er plassert til anna eining innan Teknisk område.

Vidare har ein i overordna planarbeid som kommuneplan, kommunedelplan for Sveio sentrum, overordna ROS og næringsplan lyst ut konkurranse og nytta konsulent i større grad enn tidlegare. Dette kostar noko meir enn å gjere arbeidet på eige hand, men gjev meir kapasitet og tilgang til fagkompetanse. Innan planfagområdet stillast det i dag større krav til utgreiing og det kan være føremålstenleg å nytte ekstern kompetanse til noko av dette.

Status for dei overordna planane er nå:

- Sentrumsplanen har vært på ny høyring i sommar.
- Næringsplanen er vedtatt. Fokus nå er på realisering av målsetningar i planen.
- I kommuneplanen sin arealdel har det vært gjennomført mykje involvering, både når det gjeld ibuarar og politikk. Undervegs har og politisk styringsgruppe ønska endringar som har kravd meir arbeid. Framdriftsplanen blir såleis kontinuerleg revidert etter politiske vedtak og signal/ønskjer
- Overordna Ros har vært ute på høyring.
- Oppdatert kulturminneplan. Sak om høyring hausten 2023
- Klimaplan: Arbeidet er starta, men har vært satt på vent for å prioritere arbeid med kommunedelplan Sveio sentrum og kommuneplan.

Når det gjeld oppfølging av reguleringsplanar har Sveio kommune ein tilsett som arbeidar med dette. For å ha ønska kapasitet og framdrift burde dette området vært styrkja ut frå mengde planar og mengde arbeid med planar før vedtak. Rådmannen har ut frå økonomisk situasjon ikkje funne rom til å foreslå ei styrking her og lyt vurdere dette i samband med forslag til budsjett i haust.

Juridisk status i kommunedelplan for Sveio sentrum

I plandokumentet Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022–34 er det gjort tydelegare kva juridisk status dei ulike dokumenta har.

Økonomiske konsekvensar

Auka bruk av ekstern bistand har ein høgare kostnad enn å nytte intern kompetanse. Å gjennomføre mange større planarbeid samtidig er krevjande og krev meir ressursar.

Beredskap

Ikkje vurdert til å være relevant her.

Vurdering

Rådmannen synar til endringar som er gjort for å styrke overordna planlegging. Rådmannen vurderer at framdrifta i planarbeidet med kommuneplan og kommunedelplan Sveio sentrum har vært god etter organisasjonsendring, styrking av ressursar til arbeidet og ved auka bruk av ekstern kompetanse i arbeidet. Det har vært gjort endringar undervegs som har påverka framdrifta, men framdrift i høve arbeidsmengde har vært god. Rådmannen ser at oppretting av ei ny eining og auka kapasitet på fagområdet også gjev meir ressursar til oppfølging og realisering av vedtekne planar. Når det gjeld kapasitet til reguleringsplanar, kunne det med tal planar og arbeidsomfang med fordel vært eit område som blei styrka. Rådmannen har ikkje funne økonomisk handlingsrom for å foreslå ei slik styrking. Ved vedtak av ny planstrategi bør dette vurderast nærare i høve ønska ambisjonsnivå.

Rådmannen skriv som sin konklusjon

Rådmannen vurderer at vi har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til overordna planarbeid. Framdrifta vil kunne bli påverka av involvering, ønska politisk justeringar og eventuelle merknadar/motsegn. Området reguleringsplanar kunne med fordel vært styrkja, men rådmannen har ikkje funne økonomisk rom for dette og lyt komma attende med ei nærare vurdering i samband med budsjettet.

Juridisk status er gjort klarare i Kommunedelplan for Sveio sentrum.

Kontrollutvalsekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontroll- og kvalitetsutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen har gitt ei god og grundig tilbakemelding på korleis revisjonen sine tilrådingar har blitt følgt opp.

Kontrollutvalet sitt vedtak og innstilling

Sveio kontroll- og kvalitetsutval anerkjenner forbetningsarbeidet rådmannen har igangsett. Utvalet oppmodar til at ressursane til arbeidet med reguleringsplanar blir auka i framlegg til budsjett for 2024.

Sveio kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Planarbeid» til orientering.

Vedlegg:

Kontroll- og kvalitetsutvalet – Sak til kommunestyret – Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport
Særutskrift sak 15-23
Sak 15-23 Tilbakemelding rapport - Planarbeid - 1
Oppfølging av rapport - Planarbeid